

*mange
røyster
- felles mål*

NOREGS
MÅLLAG
100 ÅR

Årsmelding 2006-2007



I samband med hundreårsjubileet laga Noregs Mållag ein eigen jubileumsprofil som du ser smakebitar av i årsmeldingane i fjor og i år. Profilen er utarbeidd av Øystein Vidnes. I idefasen var Siri Moe og Morten Andersen sentrale.

Fra 2007 har vi vidareført profilen på brevpapir, konvolutter og anna materiell, med nye tekstdrag og dikt. Fleire forfattarar, slektningar av forfattarar og forlag har gjeve oss løyve til å bruka tekstdrag gratis. Tusen takk til forlaga Aschehoug og Samlaget, til Arnt Birkedal, Kjartan Fløgstad, Marie Lovise Widnes, Hilde Myklebust, Guri Vesaas, Bodil Cappelen, Rasmus Lie, Ann Kavli, Per Olav Kaldestad, Ragnar Hovland og Kjartan Fløgstad.

Innhald

Føreord	4						
Leiar	5						
<u>Målpolitiske arbeidsfelt</u>							
Nynorsk oppvekst	7	Offentleg målpolitikk og målbruks	16	Økonomi			
Barnehage	7	Mållovsmeldinga	16	Rekneskap	37		
Grunnskule	7	Kommunar og fylke	16	Økonomiarbeidet	38		
Parallelklassane	8	Mållovsforskrifta	16	Balanse	40		
Ungdoms- og v.g. skule	8	Posten	17	Hundreårsjubileet 2006	41		
Sidemålsforsøk	9	Frimerke	17	Fondet for norsk målreising	42		
Nynorsk for vaksne innvandrarar	10	Møre og Romsdal	17	Inga og Gjøa Lutros legat	44		
Lærarutdanninga	10	Hovudavtalen på nynorsk	18	Kulturlotteriet	44		
Læremiddel	10	Møre og Romsdal	17	Revisormeldingar	45		
Informasjonsteknologi og media				Norsk Målungdom			
Riksavisene	10	Talemål og skriftmål	19	Melding frå arbeidsåret	47		
Region- og lokalaviser	11	Fagerneskonferansen	19	Medlemstal og lokallag	64		
Kulørt presse	11	Internasjonalt arbeid	19				
Fjernsyn	11	Samskipnaden					
Nyhendebyråa	11	Lag og medlemer	21	Dag og Tid	48		
Programvare	11	Vervearbeidet	21	Det Norske Samlaget	48		
Næringsliv	12	Lokallag og fylkeslag	22	Det Norske Teatret	49		
Næringslivspris	12	Studiearbeit og leiartrenings	22	Folkekulturforbundet	49		
Daglegvarekampanjen	12	Landsmøtet	22	Kringkastingsringen	49		
Kultur- og kulturpolitikk	13	Informasjons- og mediearbeit	23	Landsamanslutninga av			
Stortingsmelding om språk	13	Mediedekning landsmøtet	24	nynorskommunars	50		
<i>Viljen til språk</i>	13	Pressemeldingar	24	Magasinett	50		
<i>Ringdrotten</i>	13	Presseoppslag	25	Noregs Ungdomslag	50		
Dei Nynorske Festspela	14	Lesarbrev og debattinnlegg	27	Norsk Barneblad	51		
Barnebokstillinga	14	Grafisk profil	27	Norske Lagsbruk	51		
Vandreutstillinga	14	Nytt om nynorsk	27	Nynorsk kultursentrums	51		
Hundreårsfesten	14	Norsk Tidend	27	Nynorsk mediesenter	53		
Skrivetevlainga	15	www.nm.no	27	Pirion	53		
Andre kulturtild	15	Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde		Stiftinga Nynorsk Pressekontor	53		
Prisar frå Noregs Mållag	15	Heiderslagsmedlemer	29	Vedlegg og statistikk			
		Styret og arbeidsutvalet	29	Nynorsk skulemål 1930-2006	54		
		Landsrådet	29	Skulemålet i alle fylka	55		
		Valnemnda	29	Skulemålsrøystringar 1992-2006	56		
		Skrivarstova	30	Lag og medlemstal	58		
		Nemnder og utval	30				
		Reiseverksemada	32				

Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2006/2007 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 13. mars 2006 til 4. mars 2007. Dei siste vekene fram til landsmøtet vert oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidssbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i 2006. Sjukefråveret har vore 49 dagsverk, noko som utgjer 2,6 prosent. Av dette har godt over halvparten vore knytt til langstidsfråver. Arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og Noregs Mållag fylgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2006 gjekk med overskot, og grunnlaget for drifta i åra som kjem, er det beste.

Landsmøtet i 2005 vedtok eit treårig arbeidsprogram for 2005 – 2008 og årsmeldinga fylgjer kvar år oppbygginga i arbeidsprogrammet. Årsmeldinga omtalar i

hovudsak arbeid som er gjort eller det er teke initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar likevel noko av det arbeidet lokal- og fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskyldde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yte rettferd til det store arbeidet som vert lagt ned av lokal- og fylkesлага i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danne grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg fyller årsmeldinga ein viktig funksjon som Noregs Mållags rapport om arbeidet til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar, og årsmeldinga har i alle år vore den mest utfyllande rapporten om norsk målstrid og målreising som vert utgjeven. Styret har difor lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for leسارar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Oslo, 3. mars 2007

Hege Myklebust (leiar) Åsmund Lien (nestleiar) Morten Søberg
Berit Rekve Unn Røyneland Nils Ulvund
Ingebjørg Før Gjermundsen Olav Skare
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



Styret i Noregs Mållag 2006-2007: Frå venstre: Morten Søberg, Hege Myklebust, Åsmund Lien, Ingebjørg Før Gjermundsen, Nils Ulvund, Berit Rekve, Anne Marit Godal, Unn Røyneland og Gro Morken Endresen (dagleg leiar).

Leiar

«Det er aldri så vondt å vakna opp som etter ein god fest» vert det sagt, men det passar dårlig på kjensla me sit att med i Noregs Mållag etter jubileumsåret. Takk vera førebuingane frå det førre styret og ein formidabel innsats frå skrivarstova, vart 100-årsjubileet ein fest frå ende til annan, utan å gå i fella og verta tilbakeskodande og nostalgisk. Tvert om hadde dei fleste av jubileumstilskipingane minst eitt auge retta framover, og feiringa har skapt blest om nynorsk og Noregs Mållag på ein måte som opnar dører for oss i dag. Svært mange lokallag har også markert jubileet med eigne feiringar, og fått att både positiv omtale, stor oppslutnad og ny giv.

«Få nynorsk inn på nye område» har vore eit slags program for det sitjande styret, og me har arbeidd systematisk med det gjennom året som gjekk. Hausten 2006 vart den nye læreplanen, Kunnskapsløftet, innført over heile landet for dei fleste klassestega. Det innebar både nye utfordringar og nye opningar for nynorsken. Utfordringane gjekk på å skaffa læremiddel på nynorsk. Kunnskapsløftet var klart alt for seint, og som ved alle store reformer i skulen er det problematisk å få ferdig alle læremidla i tide. Dette året var det verre enn nokon gong tidlegare, og svært mange lærboeker mangla nynorskversjon ved skulestart. Både Noregs Mållag og Norsk Målungdom arbeider mykje med læremiddelpørsmålet, og kjem til å halda presset oppe både overfor forлага, skulane og departementet fram mot neste skulestart.

Det viktigaste med den nye læreplanen er likevel at han opnar for at nynorskundervisninga skal byrje tidlegare enn før. Under kompetanse mål etter sjuande klasseseget står det at elevane skal kunna «lese lengre norske og oversatte skjønnlitterære tekster, barnelitteratur og sakprosatekster på bokmål og nynorsk og uttrykke forståelse og leseopplevelser», og dei skal kunna «eksperimentere med ulike språkvarianter i egen skriving på bokmål og nynorsk, dialekt og gruppesspråk». Dette vil altså seia at dei må byrja å både lesa og skriva nynorsk lenge før det som er praksis i dag, nemleg at sidemålsundervisninga vert innført i 8., 9. eller 10. steget. Utfordringa er å få lærarane til å ta konsekvensen av dette, og ta nynorsk inn som ein naturleg del av undervisninga tidleg nok. Helst ville me haft det slege fast i opplæringslova at elevane skal lesa og skriva både bokmål og nynorsk alt frå 4.-5. steg, og det vil me arbeida vidare for å få inn.

I året som gjekk, har me fokusert mykje på det private næringslivet. Eit område av næringslivet som alle er i kontakt med meir eller mindre dagleg, er daglegvarehandelen, og dette var bakgrunnen for at Noregs Mållag


lag starta daglegvarekampanje hausten 2006. Me hadde sett føre oss at me ville starta med Coop-kjeda, fordi ho peika seg ut som den mest kunde- og distriktsorienterte, men pangstarten kom då ein Rema 1000-kjøpmann i Volda opna ny butikk der han på eige initiativ hadde fått omsett alle skilt og alt materiell til nynorsk. Kampanjen som fylgte står det meir om inne i årsmeldinga, men slike initiativ frå næringsdrivande er svært verdfulle for nynorsk.


Ei anna verksemد som har gjort ein stor innsats for nynorsk i det private næringslivet, er saft- og syltprodusenten Lerum AS. Dei vart tildelt historias fyrste Nynorsk næringslivspris i Bergen i november. Lerum har alt materiell, inkludert reklamekampanjar og emballasje, på nynorsk over heile landet. Det fører til at folk som kjøper jus og syltety i Oslo faktisk kan lesa nynorsk på frukostbordet sitt, eit område der det heilt sikkert er lite nynorsk frå før.

I november kunne me òg endeleg lysa ut dei to stipenda me fekk i jubileumsgåve frå Kulturdepartementet og Trond Giske på jubileumsfesten i februar. Det var to stipend à kr 50.000, som departementet no har stadfest skal vere årlege. Eit kriterium i utlysingsteksten var at prosjektet som skulle vinna stipendet måtte ha som mål å få nynorsk inn på område der han frå før har lite rom. Det er i skrivande stund ikkje avgjort kven som får stipenda.

Den kulørte pressa har til no vore bortimot svart bokmålshav. Det er difor svært gledeleg at damebladet Elle har sagt seg viljug til å bruka litt nynorsk. Den fyrste artikkelen på nynorsk kjem i april-nummeret av bladet no i vår, og me håpar at det berre er starten. Bladet Eva hadde også ein artikkel på nynorsk i starten av 2007, fordi intervjuobjektet sjølv var nynorskbrukar.

Framleis er det mange stader der det knapt vert brukt nynorsk, og det er langt frå dei små kimane til lysning som me no feirar, og til målet om at nynorsk skal vera ein sjølvsagt del av det språklege universet me lever i. Men dei nyvinningsane me har sett i året som gjekk, gjev grunn til optimisme og von om at me kan få møta nynorsk fleire og fleire stader, og 100-åringen Noregs Mållag har medlemer og lokallag over heile landet som står klare til å arbeida for det.





Eg spør ikkje meir etter vegar
til sanning og rette svar,
eg går til næraste treet
og pustar i angen det har.

PER OLAV KALDESTAD, 2000

Målpolitiske arbeidsfelt

Nynorsk oppvekst

BARNEHAGE Det er ikkje gjort særskilde sentrale tiltak andsynes barnehagane siste arbeidsbolken. Det er i hovudsak lokal- og fylkeslag som har sett i verk konkrete tiltak, særleg gjeld det spreiing av nynorsk litteratur og songbøker. Nokre lag har òg teke beinveges kontakt med barnehagar for å drøfte stoda og tiltak, mellom anna i Hallingdal. Noregs Mållag har teke eit initiativ overfor LNK for å prøve å få til eit framlegg til retningsliner for språkbruk i barnehagar, som kan vedtakast og brukast av nynorskkommunane. Sentralleiinga har òg teke opp emnet på ei rad møte med kommuneadministrasjonar og folkevalde i kommunane. Det tykkjест som om det er lett å få fram i slike organ kvifor dette er ei viktig sak. Også i år har mistilhøvet mellom reell bokmålsdominans i barnehagar vore éi viktig årsak til framvoksteren av folkerøystingar på nynorskskular. Dette viser klårt at barnehagearbeidet legg sterke føringer for det rommet nynorsken får i grunnskulen.

GRUNNSKULE Det skjer mykje i skulen no. Det såkalla «Kunnskapsløftet» opnar for nye og store sjansar for stor nynorskauke i skulen. Styresmaktene har endeleg teke til seg den gamle sanninga om at alle lærarar er norskklærarar. Det viser særleg i det fokuset styresmaktene har på å gjere lese- og skriveopplæringa sentral i alle skulefaga.

Noregs Mållag har samarbeidd tett og godt med sentrale styresmakter i perioden, ikkje minst gjennom «Forum for nynorsk i skolen». Og vi meiner Utdanningsdirektoratet har vist svært gode takter i perioden. Gjennom forumet har vi også vore engasjerte i arbeidet med «Strategi for nynorsk i skolen» som Kunnskapsdepartementet skal leggje fram denne våren. Mellom anna sende direktøren eit rundskriv før skulestart der han oppmoda bokmålkular om å la elevane starte å lese nynorsk alt frå 1. klasse, og samstundes vart ungdomsskular i bokmålsdominerte område oppmoda om å setje i gang med «åndalsnesmodellen».

På same tid veit vi at dei stendige reformene i skulen lagar vanskelege utfordringar, ikkje minst med tanke på lærermiddelstoda.

Det har vore tre folkerøystingar om skulemål i perioden. Nynorsken vann alle! I vår kjem det òg røystingar i Aure, Sauherad og Notodden.

I Sunndal vart det halde to røystingar i mai. Det vart fleirtal for nynorsk i den eine (Løykja) og uavgjort i den andre (Gjøra). Kommunestyret vedtok at både skulane skal halde fram som nynorskskular. Lokale nynorskvenner og lokallaget arbeidde lenge før røystinga, og dette var tvillaust ei viktig årsak til sigeren.

I Ålesund kom det krav om røysting før skuleslutt våren 2006. Skriverstova arbeidde saman med ei rad mødrer fram mot røystinga. Desse mødrene sette i gang ein storstilt kampanje andsynes dei røysteføre, mellom anna skipa dei ein fin barnebokkveld der dei presenterte nynorsk barnelitteratur. Det er ikkje fyrste gongen at nett mødrer organiserer seg for å vinne slike røystingar og det viser at det er mange som hyser kjærleik for nynorsk utanfor målrørsla. Desse kvinnene fortener ei stor takk for arbeidet.

I dei tre røystingane der vi vann, brukte nynorskvenene og målfolket brei argumen-

Microsoft har lansert nynorsk-versjonar av både programpakka Office XP og operativsystemet Windows XP. I vår fylgjer dei opp med Windows Vista og Office 2007.

Nettlesarane Mozilla Firefox, Internet Explorer og Opera er òg å få på nynorsk.



Nynorsk oppvekst. Foto: Øystein Skjæveland

tasjon. Det viser seg støtt at di meir vi utvidar argumentasjonen, det vil seie dreg inn sider som ikkje beint gjeld dei pedagogisk-språklege emna, di breiare når vi ut. Ikkje minst er dette viktig andsynes alle dei som ikkje har born i skulen.

Eit viktig punkt har vore endringa frå oss sjølve: Vi har slutta bruke nemninga *skulemålsrøysting* og i staden nytta *folkerøysting*. Dette er ikkje einast eit retorisk grep: Nemninga «skulemålsrøysting» er tolleg byråkratisk og løyner at røystinga gjeld heile folket i krinsen. Sameleis er det viktig å flytte perspektivet til ikkje å gjelde berre opplæringsmålet på den aktuelle skulen, men snarare vise at det er eit viktig kulturpolitisk spørsmål som vedkjem alle i krinsen.

Det er svært sannsynleg at det kan kome krav om fleire røystingar på grunn av opplæringslova: I lova heiter det at kommunen skal vedta opplæringsmålet for skulen og at kommunen kan spørje folket til råds gjennom rådgjevande folkerøystingar. Samstundes kan foreldra heilt suverent velje annleis opplæringsmål for *alle* elevane på skulen! Tidlegare var der eit etterhald om at minst ti elevar måtte vere att med det opphavlege hovudmålet, men dette etterhaldet er stroke frå lova. Noregs Mållag arbeider svært mykje andsynes styresmaktene for å få attende det etterhaldet som var i tidlegare lov.

PARALLELKLASSANE Etter at Noregs Mållag vann rettssaka mot Sandnes kommune, hadde vi store voner til at kommunane frametter ville slutte å blande elevar med ulikt opplæringsmål i undervisninga. Dette

har diverre ikkje skjedd. Noregs Mållag får støtt meldingar frå frustrerte foreldre som fortel om blanding av elevar med ulikt opplæringsmål i timar der elevane lærer å lese og skrive. Trass i at Noregs Mållag har skrive til skular og orientert om domen frå Sandnes, og trass i at Utdanningsdirektoratet sende eit rundskriv der dei orienterte om domen frå Sandnes, held mange skular fram med klasseblandinga. Dette råkar potensialet for nye nynorskklassar kraftig! Til dømes har framvoksteren av nye klassar i Stavanger med omland vore mykje lågare enn vanleg, og foreldre fortel at nettopp klasseblandinga gjer at dei ikkje ser noka meinings i å velje nynorsk for borna sine.

I Sandnes held dei jamvel òg fram med denne lovstridige praksisen. Difor har Noregs Mållag reist sak for Sandnes tingrett for å få slege fast ein gong for alle at det ikkje er lov å blande klassar i fag der dei lærer å lese og skrive. Saka kjem opp til hovudforhandling i juni. Tidlegare har vi vunne fram i Namsretten og fått ei mellombels avgjerd i same saka.

Ei avgjerande årsak til at ikkje fleire foreldre ser den opplagde føremonen det er å velje nynorsk som fyrste opplæringsmål, er vantande informasjon frå kommunane. Jamvel om flest alle kommunar no har rubrikkar for «val av opplæringsmål» på innskrivingsskjema, finst det snautt noko informasjon som vert gjeve til foreldra. Den informasjonen som finst, er det i all hovudsak lokale mållag som har spreidd saman med foreldre. Skal vi evne å lyfte talet på parallelklassar opp på eit høgare nivå, er vi nøydde til å få med oss kommunane i informasjonsarbeidet. Dette føreset aktivt arbeid andsynes kommuneadministrasjonar og skuleleiingane både frå Noregs Mållag sentralt og lokallaga.

UNGDOMS- OG VIDAREGÅANDE SKULE Det har støtt vore slik at mange nynorskelevar har bytt til bokmål når dei kjem på ungdomsskulen og/eller vidaregåande skule. Like fullt har merksemda rundt målbyte auka mykje seinaste åra, noko som er bra. Det kan sjå ut til at ein mindre del av årskulla byter til bokmål i dag enn for tjue år sidan.

I perioden har Noregs Mållag vorte kontakta av mange foreldre som fortel om stoda for borna sine: Det finst *ingen* rettar for nynorskelevar på ungdomsskulen og vidaregåande skule utover retten til å velje hovudmål og læremiddel. I praksis vil det seie at dei er prisgjevne det pedagogiske skjønnet og den pedagogiske evna til

FOLKERØYTINGAR OM SKULEMÅL 2006-2007

Dato	Krins	Kommune	Røysteføre	Nynorsk	Bokmål	Vedtak
30.05.06	Gjøra	Sunndal	200	45	45	Nynorsk
30.05.06	Løykja	Sunndal	674	191	151	Nynorsk
30.10.06	Stokke	Ålesund	412	167	61	Nynorsk

læraren. Til dømes fekk nynorskelevar på ein ungdomsskule i Trondheim *inga* hovudmålsundervisning i det heile på 8. klassessteget. Bakgrunnen var at kommunen i fullt alvor hevda at Trondheim er ein bokmålskommune – ergo har ikkje elevane krav på noko som helst. Den vankunna er Trondheim kommune truleg ikkje åleine om å ha. Alle ungdomsskular i Noreg er i prinsippet tospråklege, men i realiteten er det berre i nynorskdominerte område at det er slik.

Noregs Mållag har samarbeidd med både foreldre og lokallag andsynes kommunar i denne saka. Mellom anna endra Fjell kommune på Sotra praksisen sin etter at foreldre og Noregs Mållag i lag med Sotra Mållag hadde møte med skuleleiinga og kommuneleiinga. Igjen vil det vere føremålstenleg at Noregs Mållag, sentralt og lokalt, legg opp til samarbeid med kommunane om tiltak som kan leggje vilkåra til rettes for å gjere skulane reelt tospråklege. Då kan terskelen for målbyte verte heva. Kan hende vil det jamvel føre til målbyte andre vegen.

SIDEMÅLSFORSØK Det såkalla «forsøket» på ni vidaregåande skular i Oslo der elevane lærer nynorsk ved ikkje å lære nynorsk, held fram og skal avsluttast



I samband med landsmøtet opna det nyoppussa «Kulturhotellet Bondeheimen», med sitat frå kjende nynorskforfatrarar på fortauet utanfor og på romma. Leiar i kulturkomiteen på Stortinget, May-Helen Molvær Grimstad stod for opninga. Foto: Hege Lothe.

våren 2007. Eit resultat av dette såkalla «forsøket» var iverksetjinga av ei røys *positive sidemålsforsøk*, den såkalla «åndalsnesmodellen». I perioden har over 1000 elevar frå Tromsø i nord til Lista i sør gjennomført modellen. Potensialet for å få fleire skular til å setje i gang, er svært stort. Tilbakemeldingane frå elevar og lærarar tyder på at elevane lærer nynorsk betre når dei arbeider med nynorsk i andre fag enn norsk. Senter for nynorsk i opplæringa evaluerer forsøk så på eit seinare tidspunkt vil det vere råd å få meir vitskapleg grunnlag for å vurdere effekten.

I tillegg arbeider Nasjonalt senter for nynorsk i undervisninga (*Nynorskcenteret*) med ein brote tiltak for å prøve ut nye metodar i nynorskopplæringa.

Det er verdt å leggje merke til at mange vidaregåande skular har sett i gang framskoten eksamen i sidemål, det vil seie til jul for avgangselevane. Opplegget går ut på at elevane nyttar *all* norskundervisning i og på nynorsk fram mot eksamen. Dei tilbakemeldingane Noregs Mållag har motteke, tyder alle på at lærarane er svært nøgde. Dei presiserer særleg at elevane faktisk vert flinkare i nynorsk. Dette er ei stadfesting av det opplagte: elevane har tradisjonelt fått alt for lite nynorskundervisning.



Jamvel om det kan vere god grunn til å stille spørsmål ved ulike tidspunkt for eksamen i hovud- og sidemål bør Noregs Mållag truleg vere open for at slike tiltak batar nynorskopplæringa for elevar med bokmål som hovudmål.

NYNORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR

Etter at Noregs Mållag i lag med Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) fekk mobilisert ei rad nynorskkommunar (og nøytrale kommunar òg) til å vedta krav om læremiddel i og på nynorsk for vaksne innvandrarár våren 2005, sette Utdanningsdirektoratet i gang eit arbeid for å få laga dette. Stoda har vorte noko betre, men framleis fortel mange lærarar om at dei vantar nok og godt nok materiell for å undervise i nynorsk for vaksne innvandrarár. Høgskulen i Volda og Nynorsk-senteret har både arbeidd for å betre stoda.

Dette er ikkje berre ei praktisk sak for den einskilde nynorskkommunen. Det er ei viktig prinsipsak: Vaksne innvandrarár skal ha høve til velje anten bokmål eller nynorsk same kva kommune dei bur i. Til dømes kjem det støtt meldingar frå vaksne innvandrarár som undrast på kvifor dei må lære bokmål når dialekten på staden tilseier opplæring i nynorsk. Spørsmålet er like fullt uavhengig av talemålet på staden; alle skal ha høve til å velje opplæring i både språka over heile landet.

LÆRARUTDANNINGA Noregs Mållag har vendt seg til læreinstitusjonane for å be dei styrkje nynorsk-opplæringa for lærarstudentane. Noregs Mållag mottekk støtt meldingar frå studentar som fortel at dei knappast får noka nynorskopplæring i det heile. På same tid veit vi at mange studentar vert godkjende som lærarar trass i at dei langt ifrå er kvalifiserte til å undervise i korkje nynorsk hovudmål eller sidemål. Denne stoda kan verte eit reelt trugsmål mot sjølve eksistensen til nynorsk der som ho får halde fram.

I perioden har Noregs Mållag halde kurs for over 800 studentar på lærarutdanninger (høgskular). Kursa har vorte vidspurde og etterspurnaden aukar. Det er lell eit alvorleg problem at Noregs Mållag er nøydd til å gjennomføre ei undervisning som staten sjølv skulle sytt for.

LÆREMIDDEL Alt tidleg på vinteren 2006 varsla dei involverte miljøa at det ville verte problematisk å få fram alle læremidla i både målformer til skulestart i samband med innføringa av Kunnskapsløftet. Grunnane var både at det var svært mange fag som skulle ha nye bøker og ikkje minst at ein måtte vente med å lage fleire av læremidla til langt ut på våren for skuld læreplanar som kom svært seint.

Etter sommarferien tok Noregs Mållag kontakt med direktør Skarheim i Utdanningsdirektoratet og med dei største lærebokforlaga for å drøfte den vanskelege stoda. Resultatet vart eit hastemøte der vi vart samde om kva

tilbak det var råd å setje i verk for å skåne nynorskelevane så godt som råd. På møtet konkluderte vi med at fleire av forlaga så langt det lét seg gjere skulle lage pdf-ar av til dømes fyrste kapittelet av dei vantande nynorskbøkene. Somme sa seg også viljuge til å byte inn att bokmålsbøker mot nynorskbøker seinare på hausten. Utdanningsdirektoratet sende ut informasjon om løysingane til alle skular like etter skulestart.

I ei undersøking Noregs Mållag gjorde ved årsskiftet, kom det fram at ordningane berre hadde fungert måteleg godt. Det er ikkje nok at det finst levelege løysingar for å rette opp ein mangefull bokproduksjon. Ein er også avhengig av at informasjonen når fram til alle som har bruk for han, at lærarane har tid til å hjelpe elevane med ekstraarbeidet dette medførte, og også at lærarane er engasjerte nok i at elevane skal få nynorske læremiddel til å sjå oppgåva som viktig. Desse føresetnadene er berre til stades for ein liten del av elevane.

I slutten av januar hadde Noregs Mållag møte med kunnskapsminister Øystein Djupedal der vi mellom anna tok opp læremiddelsituasjonen og bad om at alle tenktelege tiltak vart sett inn på å hindre same därlege situasjon dei to komande og siste åra av reforma. Kunnskapsministeren gav uttrykk for at det ikkje var urimelig om ikkje absolutt alt var på plass ved skulestart ved innføringa av ei større reform. Han såg det slik at det meste ville vere på plass på få år, og at det neppe kunne vere trøng for særlege tiltak. Noregs Mållag vil like fullt halde trykket oppe i arbeidet for nynorskelevane, gjennom utstrekkt kontakt med Utdanningsdirektoratet og forlaga.

Informasjonsteknologi og media

RIKSAVISENE Noregs Mållag og Kringkastingsringen hadde møte med sjefredaktør i Dagbladet, Anne Aasheim, i august. Møtet var ei oppfylging av kampanjen «slepp nynorsken til» der målet vårt var å få innpass for nynorskbruk i Dagbladet.

Aasheim uttrykte stor sympati for nynorsken og saka vår. Ho var likevel ørleg på at med det presset Dagbladet har vore under i det siste, og den nedgangen særleg papirutgåva hadde hatt, var ho lite viljig til å prøve ut ei så stor endring som ho meinte ei omlegging av det redaksjonelle språket var. For nettavisar var viljen litt større, og det kan vere eit aktuelt felt å gå vidare med.

Om det enno er eit stykke att til formelle vedtak og frislepp av nynorsk i spaltene i riksavisene, har «slepp nynorsken til» vore ein vellukka kampanje. Vi har sett små drypp av nynorsk i både Dagbladet, VG og andre avisar etter kampanjen, og arbeidet Noregs Mållag har gjort, har ganske visst vore med på å setje opp tempoet i prosessen for ei oppheving av forbodet.



Sjefredaktør i ANB, Hallgeir Westrum, fekk målblome for det nystarta nynorsktiboden frå nyhendebyrået.
Foto: Hege Lothe

REGION- OG LOKALAVISER Sentrallekken har hatt lite kontakt med regional- og lokalaviser. Det er det fyrst og fremst fylkes- og lokallag som har. Skrivarstova har likevel registrert at mange lokalaviser gjerne slepper til nynorsk. I eit møte med redaktøren i Aure Avis på Norsmøre kom det direkte fram at han såg det slik at når vi har to skriftspråk, skal både lærast og både sleppast til. Utfordringa er at det vantar nynorskjournalistar.

KULØRT PRESSE Den kulørte pressa har lenge vore eit svart hav når det gjeld nynorskbruk, men også her er det teikn til lysare tider. I januar skipa Kringkastingsringen og Mediemållaget til eit seminar om nynorsk i media. Heile styret og landsrådet i Noregs Mållag deltok på seminaret. Her stilte mellom andre ansvarleg redaktør for damebladet Elle, Signy Fardal, opp til debatt. Etter utfordringar frå salen, lova ho på staden å «eksperimentere» med nynorsk i Elle, og Noregs Mållag lova på si side å hjelpe til med språkleg støtte dersom dei hadde bruk for det. Bladet kjem no med sin fyrste nynorskartikkkel i månadsskiftet mars/april, som er omsett til nynorsk av Noregs Mållag. Bergens Tidende hadde eit oppslag om «nynorskflørten» i Elle 7. februar i år.

I tillegg hadde bladet Eva ein artikkel på nynorsk i januar-nummeret 2007. Dei held fram at dei er eit bokmålsblad, men ville nytte nynorsk i nett dette intervjuet, fordi intervjuobjektet hadde skrive ei bok på nynorsk, og har ein nynorsknær dialekt.

FJERNNSYN Om lag ein gong i året har Noregs Mållag saman med Kringkastingsringen møte med NRK. Dei siste to åra har vi også hatt møte med TV 2.

På møtet med NRK tok vi opp statistikken for nynorskbruk totalt, nynorsk og dialektar i barne- og ungdomsprogram i samband med den planlagde barnekanalen og nynorsk på nettsidene. NRK-leiinga legg jamt over til grunn at dei gjer så godt dei kan. Er det for lite nynorsk, er det med andre ord fordi dei strevar med å finne dei rette, godt nok kvalifiserte personane til ulike stillingar. Nynorskprosenten i NRK er sett saman av nynorsk normaltalemål og 50 prosent av all språkbruk som vert koda som dialekt. Vi har fleire gonger prøvd å få svar på kor stor del av nynorskprosenten som skriv seg frå dialektbruk, men det vil diverre ikkje NRK gå ut med.

I møtet med TV 2 bad vi om særleg merksemd på program for barn og unge og om å få nynorsk teksting av utanlandske filmar og seriar. I diskusjonen om barneprogram rosa vi dei for den flotte serien «Elias» der dialektar frå mange kantar av landet er i bruk. TV 2 har etter alt å døme ikkje same vanskar med å få tak i kvalifiserte folk som NRK, men meinte at dersom dei ynskjer å kjøpe ei nynorskteneste, finst det heilt sikkert folk som sel den same tenesta. Dei lova å få noko teksta på nynorsk i perioden fram mot neste drøftingsmøte, og vi ser fram til resultatet.

NYHENDEBYRÅÅ Like før landsmøtet i fjor lanserte nyhendebyrået ANB at dei ville satse på nynorsk som ei eiga teneste i byrået sitt.

I vinter vart det klårt at Nynorsk Pressekontor (NPK) og Norsk Telegrambyrå (NTB) har undertekna ein avtale om samarbeid og samlokalisering. Som ein av stiftarane av Nynorsk Pressekontor har Noregs Mållag vore halde fullt oppdatert om arbeidet med samanslåinga. Samarbeidet vil både gje Nynorsk Pressekontor tilgang til eit langt større apparat i arbeidet andsynes kundane sine og det vil føre til at det går ut ein del nynorskaksaker i heile NTB-systemet. Noregs Mållag har tru på at dette kan vere med på å auke bruken av nynorsk i avisene.

PROGRAMVARE 2006 var året då kvardagsbrukaren av ein datamaskin kunne kome gjennom ein arbeidsdag med nynorsk programvare. Windows XP og Vista kom i nynorskutgåver, og Office-pakka kjem i ny nynorskutgåve våren 2007. Denne situasjonen har målrørsla drøymt om lenge, og det er flott at vi har kome dit vi er i dag.

Nettlesaren Firefox kom med utgåve 2.0, som vart lansert med nynorsk språkpakke. I år kom også ein nett-

lesar frå Opera som gjorde det mogleg å nettsurfa på nynorsk frå mobiltelefonen.

Det er ein aukande tendens til at nettstader og programutviklarar legg språkparkane opne for omsetjing, og det er etter kvart mange brukarstyrte dognadsomsetjingar til nynorsk å få. Det er likevel viktig at målrørsla held fram arbeidet med å sikre ein digital nynorsk kvardag.

Næringsliv

Noregs Mållag framheva næringslivsarbeidet som eitt av satsingsområda i statsbudsjettetsøknaden for 2007. Dette er ein del av arbeidet for nynorsk på den private arenaen. Det vert utgreidd meir detaljerte planar for korleis vi kan nytte delar av den auka løvvinga for å få resultat av dette arbeidet. Mellom anna er det aktuelt å oppdatre og gje ut ei ny utgåve av næringslivsheftet «Bruk nynorsk i næringslivet» frå 2005.

DAGLEGVAREKAMPANJEN Det førre styret vedtok at Noregs Mållag skulle starte kampanje for å få meir nynorsk i daglevarebransjen hausten 2006. Kampanjen fekk ein uventa pangstart då kjøpmann Birger Løken på Rema 1000 i Volda opna ny butikk i sommar. Han insisterte på å få alle skilt og all tekst i butikken sin på nynorsk. Han innhenta løyve og samarbeidde med distriktsjef for Rema 1000 Vest, Helge Tellevik, og fekk produsert nynorskskilt til heile butikken, utan at konsernleiinga var spurd på førehand.

Då butikken opna, fekk han stort oppslag i VG, eitt av meir enn 70 oppslag i media totalt. Noregs Mållag nyttja høvet til å starte daglevarekampanjen i nettopp Rema 1000. Vi sende ut brev til alle Rema 1000-butikkane i heile landet, med oppmoding om å ta i bruk skilt på nynorsk, etter malen som Volda-butikken alt hadde laga, og sende brev til Colonialmajor Odd Reitan med ros for god forretningssans.

Leiaren kontakta sin lokale Rema 1000-kjøpmann på Stord, som lova å byte ut skilta sine i løpet av hausten. Lokallaga vart oppmoda om å kontakte sine lokale butikkar, og mange gjorde det. I tillegg reiste leiaren rundt til fleire butikkar på Vestlandet for å prøve å påverke butikksjefane til å ta i bruk nynorskskilta, og mange var positive til dette. Diverre fekk kampanjen ein knekk i det Rema 1000-konsernet i det same tidsrommet la om til ny grafisk profil, og denne vart utarbeidd berre på bokmål. Dimed har det teke lengre tid enn først planlagt, men kjøpmennene i Volda og på Stord ynskjer framleis å få skilt og materiell på nynorsk, og arbeider vidare internt i konsernet for å få det til.

Før Rema 1000-saka kom i gang «av seg sjølv», gjorde styret ei vurdering av kva kjeder det var mest sannsynleg å nå fram i. Konklusjonen var at Coop-kjeda var nærliggjande å starte med, basert på deira tradisjon for å bruke nynorsk i årsmeldingar og anna, og visjonen deira om å vere drivne av og for kundane. Ein telefonrunde til butikkar i typiske nynorskområde og regionsenteret i Førde, viste at både regionsenteret og mange butikkar var svært positive til å bruke nynorskmaterial dersom dei fekk tilbod om det frå konsernet. Basert på dette tok leiaren kontakt med Coop Noreg og bad om eit møte for å drøfte saka. Vi har fått til svar at det skal verte vurdert, og at vi vil få nærmere svar seinare.

Frå før finst det fleire lokale og regionale daglevarebutikkar og -kjeder som nyttar nynorsk, og som fortener ros og støtte for det. Størst av desse er kanskje Drageset-kjeda frå Os, som etter kvart har butikkar over heile Vestlandet, der alle nyttar nynorsk i butikkane og marknadsføringa.

NYNORSK næringslivspris

NÆRINGSЛИВSPRIS Nynorsk næringslivspris vart skipa av styret hausten 2005. Under eit arrangement i Bergen 10. november vart prisen delt ut for fyrste gong. Prisen gjekk til Lerum AS. Saka vart omtala i om lag 25 nettavisar og dessutan dekt i papirutgåvene til Bergensavisen, Bergens Tidende og Sogn Avis.

Under førebuingane til prisarbeidet inngjekk vi samarbeid med Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon (HSH), som også kom med framlegg til jury-medlem, ein tidlegare leiar for Dagligvarerådet i HSH. Dette samarbeidet vil det vere mogleg å utvikle vidare. Det kom inn om lag 14 framlegg til prisen.

Juryen bestod av leiar Berit Rekve (Noregs Mållag), Jørn Lekve (direktør for informasjon og samfunnkontakt i Sparebanken Vest), Christian Sulheim (tidlegare konserndirektør i ICA Noreg og bonde, representant for Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon), Anne Karin Sveinall (rekktor ved Adolf Øien videregående skole og tidlegare direktør i Fokus Bank) og Ragnar Lurås (leiar for Telemark Mållag og journalist i NRK).

I samarbeid med formgjevaren Øystein Vidnes er det utvikla eigen logo og eit formgjevingsprogram for prisen.

Kultur og kulturpolitikk

STORTINGSMELDING OM SPRÅK I Soria Moria-erklæringa hausten 2005 vart det varsle at regjeringa ville leggje fram ei stortingsmelding om språk. Meldinga er no venta å kome i siste halvdel av 2007. Noregs Mållag har ved fleire høve kome med innspel til meldinga og hovudinnspelet leverte vi saman med 19 andre organisasjoner og institusjonar under tittelen «Politikk for nynorsk». Dokumentet inneholder 10 prioriterte tiltak for nynorsken dei komande åra.

VILJEN TIL SPRÅK Ottar Grepstad skreiv ei flott og innhaldsrik bok om norsk målsoge, med størst vekt på arbeidet for nynorsken. Boka var del av markeringa av hundreårsjubileet. Noregs Mållag distribuerte boka, og særleg var det fylkeslaga som tok på seg å selje henne.

Dei fleste fylkeslaga sette opp eit mål for kor mange bøker dei skulle selje. Til saman distribuerte Noregs Mållag 488 bøker, noko som er under målet vi sette oss.

I samband med bokutgjevinga reiste Ottar Grepstad til lokallag rundt om i landet og heldt føredrag. Oslo, Sykkylven, Sauherad, Suldal, Lillehammer, Hareid, Ål, Sogndal, Vågå, Eidsvoll og Hjelmeland var dei heldige stadene som fekk del i tilbodet.

RINGDROTEN Våren 2006 vart vi kontakta av Tiden Forlag som sat på ei nynorsk omsetjing av Ringenes Herre-trilogien og ville drøfte om det ville vere tilstrekkeleg interesse for ei utgjeving på nynorsk. Noregs Mållag var i det vidare arbeidet engasjert på idéplanet om aktuelle kjøpargrupper og marknadsføring av boka. Vi stod også attom ei flott lanseringstilskiping i Sunndal i september. Tilskipinga fekk oppslag både i avisene

10 10

FREDAG 25. AUGUST 2006 VG

SALT-KNASK

og syltety

Av FREDDY KONGSBERG og
ROLF JARLE ØDEGAARD (foto)

VOLDA (VG) I Volda kan innbyggerne endelig handle mat på nynorsk. Rema 1000 kan for første gang lokke med «berre låge prisar».

Derved har butikksjef Birger Løken (48) kommet Noregs Mållag i forkjøpet. I høst vil nemlig mållaget kreve at dagligvarebutikker tar i bruk nynorsk både på butikkplakater og i markedsføringen.

Før åpningen av den nye butikken i Volda, var butikksjefen fast bestemt på ein ting:

Midi i Ivar Aasen-land skulle han ha Norges første Rema-butikk på nynorsk.

– Eg synes det var heilt naturlig, og ba om lov til å bestille alle skilt på nynorsk, forteller Løken.

Nye ord

Det fikk han. Samtidig måtte han finne opp enkelte nye ord for å få uniformert sitt nynorsk-konsept.

Varegruppen snacks og potetgull er for eks-

templ omdøpt til det kreative «Saltknask».

Det ordet er eg utruleg

stolt av og har fått mange positive reaksjoner på,

smiler Løken.

På skiltet for godterier står det «Snop», mens andre varegrupper er oversatt til nynorsk, så som «Syltety».

Også andre skilt med Rema 1000s slagord er på klingende nynorsk.

– Om få dagar vil kundane også få kassalappene sine på nynorsk.

Det er berre ett par tekniske justeringar som står igjen, forteller Løken. Ifølge Løken bodde det ikke på problemer å

få tillatelse til å skape landets første Rema-butikk på nynorsk.

Begeistret

Den språkbevisste butikksjefen slapp dermed å ta den kampen han i sitt stille sinn hadde forberedt seg på.



LANDETS FØRSTE: I Volda har butikksjef Birger Løken åpnet landets første Rema 1000 på nynorsk.

– Nynorsk er mitt og kundane sitt språk og vår felles identitet. Derfor var eg fast bestemt på å få gjennomslag for dette, sier Løken.

Regionsjef Vest, Helge Tellevik, sa ja og ble så begeistret for ideen at han «glemte å kontakte»

Reitan-gruppen for en endelig velsignelse.

– Jeg tror ikke det blir bråk om dette. For hva er vel mer naturlig enn Rema på nynorsk i Volda, sier Tellevik.

– Heilt supert! Dette viser jo at det ikkje er noko problem å bruka

nynorsk i butikkane, sjølv om ein er med i store, landsfemnande kjerde!


Det er ein kjempemerkviktig jobb Løken har gjort i Volda, seier leiar i Noregs Mållag, Hege Myklebust til VG.

E-post: freddy.kongsberg@vg.no

Faksimile frå VG 25. august 2006: Rema 1000 i Volda lokkar med «Berre låge prisar».



Under Dei nynorske festspela skipa Mållaget til folkefest i Volda sentrum og delte ut kake for å markere hundreårsju-bileet. Foto: Berit Rekve.



i fylket og vart omtalt i NRK Dagsnytt same dagen. Boka kom i desember og har fått ein heil del medieomtale.

Omsetjaren, Eiliv Groven Myhren, fortalte om arbeidet med omsetjinga for styret og landsrådet på møtet i september. Arbeidet med omsetjinga har teke det meste av arbeidstida hans i tre år, og det er eit formidabelt stykke målarbeid som her er gjort.

DEI NYNORSKE FESTSPELA I jubileumsåret var Noregs Mållag samarbeidspartner til Dei nynorske festspela. Den største tilskipinga vi stod for under festspeldagane, var ein folkefest i Volda sentrum, der vi samarbeidde med handelsstanden. Vi hadde variert kulturelt program på ei utescene på torget kvar halve time fra 10.00 – 15.00, vi delte ut gratis bursdagskake og kaffi til om lag 300 personar og vi hadde dialekttevling blant dei frammøtte, med premieutdeling.

Leiaren i Noregs Mållag leide opningsarrangementet og deltok også i ein debatt i Aasentunet om normeringa av nynorsk. Vi hadde også eit flott arrangement der dei to fyrstepremievinnarane av stiltevlinga fekk premiane sine og stilane deira vart lesne opp.

BARNEBOKUTSTILLINGA I samarbeid med forlagene Noregs Mållag i hop ei utstilling av alle dei nynorske barne- og ungdomsbøkene som finst på marknaden.

Denne vart fyrste gong synt fram på landsmøtet i 2006, og gjekk sedan til ei rekke lag og andre interesserte. Utstillinga har til saman vore synt fram om lag 20 ulike stader i jubileumsåret. Vi vonar å kunne halde utstillinga oppdatert med nye utgjevingar.

VANDREUTSTILLINGA Aasentunet laga til ei vandreutstilling som gjekk land og strand rundt i to eksemplar. Ho vart vist fram fyrste gong på Det Norske Teatret under landsmøtehelga 2006. Seinare var ho innom kring 30 tilskipingar over heile landet, ofte i samarbeid med andre lokale krefter, som lokale bibliotek. Utstillinga var vakker og informativ, men organiseringa av å sende utstillinga rundt var nok meir arbeidskrevjande enn vi såg føre oss. Både turneen til Grepstad og vandreutstillinga viser at den beste organiseringa av slike tiltak er å setje opp ei reiserute først, og så spørje folk og lag langs ruta om dei vil vere med på det.

HUNDREÅRSFESTEN Kvelden før landsmøtet 2006 var det ei festframstilling i fullsett sal på Det Norske Teatret.

Audhild Gregoriusdotter Rotevatn var programleiar, og på programmet stod Are Kalvø, Trio Søt, Jon Eikemo, Frode Grytten med Ole Morten Vågan og Morten Qvenild, Hildegunn Riise, Svein Erik Brodal, Reidar Sørensen, Kirsten Bråten Berg med Lars Bremnes og Georg Buljo, Kjartan Fløgstad, Olaug Nilssen, Hildegunn Dale, Sigmund Løvåsen, Odd Nordstoga

med Bjørn Holm, Queendom, Rønnaug Kleiva og Henning Sommerro med John Pål Inderberg.

Otto Hageberg, Idar Stegane og Vigdis Ystad hadde valt ut tolv nynorske dikt frå perioden 1906–2006 som vart lesne opp av Hildegun Riise og Svein Erik Brodal.

Hundreårsfesten var arrangert i samarbeid med Det Norske Teatret. Programnemnda var Magnus Bernhardsen, Ola E. Bø og Ruth Lillegraven.

SKRIVETEVLINGA Heilt i starten av jubileumsåret lyste Noregs Mållag ut skrivetevling blant alle ungdomsskular og vidaregåande skular i landet. Til premiar kunne vi freiste med berbar pc, digitalkamera og vekkamera til dei tre beste, med éin klasse for ungdomsskulen og éin klasse for vidaregåande skule. Fyrste- og andreprémiane vart leverte av gode samarbeidspartnarar gjennom jubileumsåret; ABC Startsida og Eurofoto. Tevlinga vart marknadsført gjennom plakatar og informasjonsskriv som vart sende til alle skulane.

Det kom inn godt og vel 530 stilar nokolunde jamt fordelt på dei to skuleslaga. Dette var svært bra i høve det vi hadde venta oss av respons. I juryen sat Torlaug Løkensgard Hoel (leiar), Gudleiv Forr og Gudrun Kløve Juuhl, og dei hadde ein krevjande jobb.

I framkant av innleveringsfristen skipa vi også til nettmøte i samarbeid med ABC Startsida, der skrivarstova svara på spørsmål som kom inn om nynorsk og rettskriving.

Dei to fyrstepremievinnarane vart inviterte som gjester til Dei nynorske festspela. Der hadde vi eit flott kveldsarrangement der dei fekk premiane sine, ein gavesejkk på 10 000 kroner til å kjøpe berbar pc for. I tillegg vart stilane deira lesne opp, og tilhøyrarane var imponeerte over dei flotte vinnarbidraga.

ANDRE KULTURTILBOD UT TIL LOKALLAGA
Attåt vandreutstillinga og føredragsturneen til Ottar Grepstad var det også andre kulturtilbod som lokallaga brukte.

Edvard Hoem underheldt anten med førestillinga «Litt av eit liv» og medverkande musikarar, eller i lag med Henning Sommerro. Ruth Olina Lødemel opptrødde med musikarar med ein konsert med utgangspunkt i tekstar av Ivar Aasen. Ragnhild Vannebo hadde ymse diktprogram, mellom anna med tekstar av til dømes Anders Hovden, Arne Garborg, Åse Marie Nesse, Olav Duun og Elias Blix. Ho var med på i alt 17 tilskipingar.

PRISAR FRÅ NOREGS MÅLLAG På landsmøtet i Oslo vart Nynorsk barnelitteraturpris 2005 delt ut til Maria Parr for boka *Vaffelhjarte*. Parr er frå Vanylven og debuterte med denne boka. Maria Parr var til stades på landsmøtet og tok i mot prisen på 15 000 kroner.

Nynorsk litteraturpris er eit samarbeid mellom Noregs Mållag, Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget. Litteraturprisen for 2005 gjekk til Øyvind Vågnes



Remi Neverdal Birkenfeldt (Dalsøyra skule i Gulen) og Erlend Skjetne (Melhus vgs) vann skrivetevlinga i konkurransen med 530 andre elevar. Foto: Berit Rekve

for boka *Ekko*. Dette er den andre boka frå prisvinnaren. Vågnes var til stades på landsmøtet og tok imot prisen på 15 000 kroner.

Det har vore delt ut to målblomar i året som gjekk, både to på landsmøtet i Oslo. Den eine gjekk til ANB for den nye tenesta deira der dei tilbyr nynorsktenester til lokalavisar. Sjefredaktør Hallgeir Westrum i ANB takka for blomen og sa mellom anna at det var ordskiftet i avisspaltene året før om nynorsk i avisene, som hadde fått dei til å ta vegvalet om å tilby nynorsk. Den andre målblomen gjekk til Blåmann barnebokklubb for den formidable innsatsen han gjer for formidling av nynorsk barnelitteratur. Bokklubbredaktør Erle Stokke tok imot blomen og heideren på vegne av bokklubben.

Målprisen 2006 gjekk til Olaug Nilssen. Ho fekk prisen for å ha vore ein av dei mest markante nynorskbrukarane over fleire år, både gjennom forfattarskapen og samfunnsengasjementet sitt. Nilssen var festtalar under mottakinga helga for hundreårsjubileet til Noregs Mållag. Ho var også festspeldiktar for Dei nynorske festspela i 2006. Heilt mot slutten av året vart ho også kåra til Årets rollemodell av lesarane i Det Nye.

Berge Furre, Audun Heskestad og Marie Louise Widnes vart utnemnde til heidersmedlemer under festmid-dagen i Rådhuset i samband med jubileumslandsmøtet i Oslo. I grunngjevinga for Berge Furre vart det mellom anna sagt at: «Med si velkjende røyst har han gjennom ein mannsalder bore oppe eit ledig nynorsk normaltallemål. Dette målet har han nytta som viktig samfunns-aktør både som politikar og akademikar. Han har klårt sett merke etter seg med sitt gode språk». Om Audun

Heskestad heitte det: «Det er ikkje for stort sagt at utan Heskestad ville rammene for nynorsk litteratur hatt mykje trongare kår i Noreg. Det er heller ikkje for sterkt å seie at utan Heskestad ville lovverket om lærebøker og statlege plikter for å finansiera denne, hatt mykje skrin-nare kår». Marie Lovise Widnes fekk med seg desse orda på vegen: «Heilt frå tidleg i ungdomen har ho vore målkvinne. Gjennom eit aktivt liv som politikar, forfattar, diktar, songar og ikkje minst målkvinne har ho vorte ein institusjon i seg sjølv».

Nynorsk næringslivspris som vart utdelt fyrste gongen i 2006, står omtalt på side 12.

Offentleg målpolitikk og målbruks

MÅLLOVSMELDINGA Stortinget handsama meldinga 16. mars 2006. Fleirtalet (alle unntake Frp) sluttar seg til dei måla og tiltaka som er omtala i meldinga. Mellom anna er det sett sterkare søkjeljos på leiaransvaret, utbygging av språkkonsulenttenesta og styrking av den sentrale tilsynsfunksjonen. Fleirtalet har framheva at oppfylging av reglane i mållova er eit ansvar for leiarar på alle nivå i staten. Statsinstitusjonane har fått pålegg om å levere tiltaksplanar for oppfylging av mållova. Heile innstillinga er tilgjengeleg på www.stortinget.no/inns/2005/inns-200506-098.html.

ARBEID ANDSYNES KOMMUNAR OG FYLKE
Det er ei kjensgjerning at mange kommunar og fylke ikkje har nokon særskild språk- og kulturpolitikk. Snarare teiknar det til at eventuelle åtgjerder og vedtak om «kulturtiltak» kjem i samband med budsjettahandsamningar. Like fullt kan folkevalde organ spele ei viktig rolle for språkbruken. Til dømes er det mogleg for nynorsk-kommunar å ta stilling til målbytet frå nynorsk til bokmål mellom skuleelevar. Kommunane kan påverke haldningane hjå skuleelevar ved aktivt å tilsetje lærarar med positive haldningar og gode kvalifikasjoner. Kommunane kan legge føringar for språk- og kulturformidlinga i barnehagane. Fylkeskommunane kan gjere opptak til iverksetjing av positive sidemålsforsøk for bokmålelevar og så bortetter.

Til dess har arbeidet vårt andsynes folkevalde organ og administrasjonen i kommunar og fylke vore knytt til konkrete saker som oftast har vore skulemålsrøystringar eller uro om målvedtak. I perioden har Noregs Mållag i lag med lokal- og fylkeslag teke initiativ til ei rad møte med kommunar og fylke der vi har drøfta språkpolitikk generelt og skulemål spesielt. Til dømes har skrivarstova vore på kommunestyremøte i Sunndal for å leggje fram den «nye» offentlege språkpolitikken og kva fylgjer dette kan, og bør, få for språkbruken og språkutviklinga i kommunen. Ikkje minst i kommunar der det har vore skulemålsrøystringar er det viktig å fylgje tett opp for å styrke vilkåra for god nynorskoplæring for elevane. Sameleis har skrivarstova vore på møte med rektorkol-



NMU går nye vegar i kampen for offentleg målbruks ...

legiet i fylkeskommunar for å leggje fram positive sidemålsforsøk.

Di meir vi evnar å lyfte opp målsaka som eit breitt kulturpolitisk spørsmål, di meir aukar sjansane våre for å få sett i gang tiltak som styrkjer vilkåra for nynorsk-vokster.

HØYRING OM ENDRING I FORSKRIFTA TIL MÅLLOVA Noregs Mållag sende høyringsbrev til Samferdsledepartementet i juli, etter invitasjon om å delta i høyring om ny konsesjon for Posten Noreg AS. Noregs Mållag melde innleiingsvis at vi var svært glade for dei signala som kom på vårparten i Stortingsmelding nr. 7 om målbruks i offentleg teneste. Mållova har til no ikkje fungert godt nok, fordi dei fleste statlege organ ikkje har oppfylt krava ho set til veksling mellom dei to målformene. Dette har nesten utan unntak råka nynorsken.

Vi understreka at ein intern instruks for vekslingsrutinar langt på veg vil dekkje kravet til eit eigna styringsverktøy som vil syte for at kvart statsorgan bruker minst 25 % nynorsk. Vi peika likevel på at det også er viktig kva dokument og informasjon som kjem på nynorsk. Noregs Mållag står fullt opp om Stortingsmelding nr 7 som peikar på at særleg nettsidene er viktige og må ha prioritert framover. I det perspektivet kunne det vere tenleg at det vert stilt krav til at dei interne instruksane inneheld meir detaljerte vekslingsrutinar der målet er at nynorskbruken kjem til syne i tekstu som er mest mogleg publikumsretta/vert lesen og brukta flest mogleg. For å få oversyn over stoda på ymse felt, tok vi opp at i alle fall nettsidene og målbruks i informasjonstilfang til større grupper i samfunnet burde skiljast ut som eigne kategoriar i målbruksrapportane.

Vi tok dessutan opp eit krav om at det i alle brev og skjema der innbyggjarar har kontakt med statsorgan og har rett til å få informasjonen på si eiga målform, vert laga til ein rubrikk der det er råd å krysse av for kva målform ein ynskjer. Det vil på ein enkel måte gje statsorgan

oversyn som gjer det mogleg å gje mottakaren informasjon på den målforma han eller ho sjølv ynskjer.

Kultur- og kyrkjedepartementet har tilsynet med dei andre departementa, og Språkrådet er delegert tilsynsfunksjonen for andre statsorgan. Noregs Mållag melde eit ynske om at denne tilsynsfunksjonen vert meir aktiv, slik at Språkrådet/KKD tek ein gjennomgang av heile språkbruken i eit statsorgan, når det fyrst har kome ei klagesak. Ofte kan klagesaker vere eit signal om at organet meir ålment ikkje oppfyller krava som vert stilte i mållova. Når ein får inn ei klagesak, burde ein difor gå gjennom til dømes kva som finst av skjema og anna publikumsretta materiell, korleis praksisen er med lysningar og så bortetter i det aktuelle organet. Med ein slik gjennomgang får Språkrådet høve til å rette opp språkbruken meir gjennomgåande og brota på mållova kan reduserast.

HØYRING OM KONSESJONSENDRING FOR POSTEN Etter at Posten Noreg AS fekk mjuka opp vedtekten sine og berre i hovudsak skulle fylge mållova, har Noregs Mållag registrert ein markant auke i klagesaker som gjeld Posten og målbruk. Det var difor gledeleg å sjå at departementet i den nye konsesjonen for Posten hadde teke inn eit krav om at all publikumsretta informasjon skal liggje føre på både nynorsk og bokmål.

Noregs Mållag sende inn høyringsbrev om den nye konsesjonen i november og streka under kor viktig det



På Flesland parkerer du på nynorsk.

Foto: Øystein Skjæveland

er med gode reglar og ikkje minst ei god oppfylging frå Posten si side. Vi kommenterte at det diverre er Noregs Mållag sitt inntrykk at det med dei førre vedtektena skjedde ei haldningsendring i Posten, med negative fylgjer for nynorsken. Svært mange stader har kundar som har spurd etter nynorsk, fått melding om at Posten ikkje lenger er pliktig til å bruke nynorsk/ha nynorske friemerke.

Med det gledeleg konsesjonskravet som no er lagt inn, streka difor Noregs Mållag under at det også no ville vere viktig at det går ut tydeleg informasjon i heile organisasjonen som gjer klårt og tydeleg greie for kravet om at informasjon skal vere tilgjengeleg på både målformer. Til sist er det berre den praksisen som når heilt fram til kunden, som er vesentleg for dei fleste nynorskbrukarar når ein skal vurdere verdien av konsesjonskravet om målbruk.

Vi valde også å ta opp eit punkt om konsesjonskrav for frankeringsmaskiner. For få år sidan måtte alle eldre frankeringsmaskiner bytast ut med eit nytt system, der mellom anna maskinar berre kan frankere om ein har førehandsbetalt porto. Det uheldige er at det er mest uråd å få leverandørane til å levere nye frankeringsmaskiner som stemplar «Noreg». Argumentasjonen går på kostnaden ved å lage nynorskstempelet.

Det finst over 100 nynorskkommunar, fleire hundreals skular, ei rekke andre offentlege arbeidsplassar og tallause private arbeidsplassar som har nynorsk som arbeidsspråk. Då Noreg og Norge er jamstelte, offisielle namn på landet, burde det vere sjølvsgått at alle nynorske arbeidsplassar har høve til å få stempla posten sin med det landsnamnet dei bruker i annan tekstproduksjon.

Noregs Mållag bad departementet om å sjå på denne saka og leggi inn ei plikt til å kunne levere både Noreg og Norge i konsesjonskravet for formidling av frankeringsmaskiner.

FRIMERKE I jubileumsåret var Noregs Mållag så heldig å få sitt eige jubileumsfrimerke. Like fullt får vi stadig attendemeldingar om at postkontora slett ikkje har nynorske frimerke og heller ikkje oppfattar det slik at dei har plikt på seg til å halde seg med nynorskmateriali, eller for den del skaffe det om det er tomt. Noregs Mållag har teke dette opp med Posten si frimerketeneste sentralt, og vil fylgje nøye med om kundesørvisen og haldningane betrar seg eller om vi må gå endå eit steg vidare med saka.

MØRE OG ROMSDAL Spørsmålet om målbruken i einskapsfylket (fylkeskommune og fylkesmannsfunksjonar er samla) Møre og Romsdal vart reist i form av ein interpellasjon av representanten Torkild Solli Haukaas (H) under fylkestinget i Kristiansund i juni 2006. Etter å ha fått svar av fylkesordføraren fremja Haukaas fylgjande forslag som vart samråystes vedteke i fylkestinget 14. juni: *Fylkestinget ber om ei sak om språkbruken*

i administrasjonen der språkleg nøytralitet vert vurdert. I den samanheng kan nye retningslinjer for språkbruken verte arbeidd ut. Likeins kan tiltak for å fremje god språkføring generelt verte vurdert.

Interpellasjonen og vedtaket utløyste relativt store oppslag i Romsdals Budstikke. Det var tydeleg at framlegget kom heller overraskende både på fylkesordføraren og tingrepresentantane og vi fekk lite debatt. Styret i Romsdal Mållag tok opp saka i slutten av juni og informerte dei andre fylkesmållaga og Noregs Mållag. Dei tok også kontakt med fylkestingrepresentant og leiar i LNK, Jan Magne Dahle, for å få hans versjon av saka. Romsdal Mållag (v. Bjørn Sæbø) utarbeidde eit framlegg til fråsegn som sidan vart gjort kjend for dei andre i organisasjonen.

På landsrådsmøtet 2.-3. september diskuterte representantar for fylkesmållaga i Møre og Romsdal strategi i saka saman med leiar og dagleg leiar i Noregs Mållag. Kartlegging av situasjonen, av kor representantane står, bruk av meiningsmåling og særutgåve av *Norsk Tidend* vart diskutert og vurdert. Hege Lothe, redaktør i Norsk Tidend, vart oppnemnd som sentral kontaktperson/samordnar. Regionalt vart det oppretta ei eiga arbeidsgruppe.

Sist i september møtte arbeidsgruppa til møte på Vestnes. Møtelyden var samla om å legge størst vekt på arbeid direkte retta mot grupper og einskildmedlemer i fylkestinget (lobbyverksem). Fylkesordføraren og partiet hans (Ap) vart vurdert til å ha ei nøkkelrolle. Gruppa fordele ansvar for å kontakte ymse gruppeleiarar og tingmedlemer mellom seg. Det vart vurdert som viktig å oppnå eit klårast mogleg fleirtal i fylkestinget.

Det var lenge lite nytt om framdrifta i saka, om når ho ville kome opp i fylkesutvalet. Noregs Mållag tinga ei meiningsmåling om nynorsk i Møre og Romsdal. Denne gjekk i favor av nynorsken, og fekk mellom anna oppslag i NRK lokalt med kommentarar frå Gro Morken Endresen.



Fylkesordførar i Møre og Romsdal, Jon Aasen (Ap), har aldri har fått så mange innspel i noka sak som då spørsmålet om administrasjonsmålet kom opp etter innspel frå Høgre-representant Torkild Solli Haukaas. Innspela gjekk både vegar, men mest overveldande for nynorsk.

**VEDTAK I FYLKESTINGET I
MØRE OG ROMSDAL 12. DESEMBER 2006**

- 1. I Møre og Romsdal fylkeskommune skal følgjende dokument vere på nynorsk:**
 - a. Alle saksframlegg
 - b. Alle møteprotokollar
 - c. Årsrapportar
 - d. Alle overordna planar som t.d. økonomi- og fylkesplanar.
 - e. Annonsar, utlysingar og publikasjonar

Når det gjeld andre dokument, står avdelingane fritt i valet av målform.

- 2. Alle brev skal svarast på i mottakaren si målform.**
- 3. For å utvikle god språkbruk i sentral-administrasjonen, vil det verte organisert støttefunksjonar som kurs i godt språk og hjelp til språkvassk.**

Med 31 mot 15 røyster fekk vi eit vedtak i Møre og Romsdal vi kan vere godt nøgde med.

28. november kom saka opp i fylkesutvalet. Saka verka godt utgreidd med opplysende dokumentasjon av språksituasjonen i Møre og Romsdal. Men i staden for eit vedtak om at administrasjonsmålet framleis skulle vere nynorsk, gjekk framlegget ut på å liste opp ei rekke område der det skal brukast nynorsk frå administrasjonen. Framlegget til vedtak vanta likevel eit vesentleg punkt; det låg ikkje i framlegget at det skulle vere krav til nynorskbruk i lysingar og utoverretta publikasjonar.

I byrjinga av desember var det telefonmøte mellom arbeidsgruppa og representantar frå skrivarstova. Der kom det fram at fylkestingsrepresentantar ville fremje eit tillegg til vedtaket med «publikasjonar og utoverretta verksem». I møtet var ein samde om at dette var eit overlag viktig punkt.

Arbeidet gjekk no inn i ein endå meir intens fase, både med å tryggje at vedtaket vart forbetra på fylkestinget, og med å påverke politikarane. Dette skjedde både gjennom lesarinnlegg i alle fogderiavisene og med e-brev og telefonar til fylkestingsrepresentantar.

HOVUDAVTALEN PÅ NYNORSK Etter initiativ frå Unio-leiar Anders Folkestad, ligg no både hovudavtalet og hovudtariffavtalet føre på nynorsk. Fornyingsdepartementet tok innspelet til fylgje og har i samarbeid med Språkrådet fått omsett avtaleverket slik Unio (hovudorganisasjonen for universitets- og høgskuleut-

danna) ynskte. Innanfor fagforeiningane har nynorsken vore lite framme og dette er vonleg eit fyrste steg mot ein meir tospråkleg praksis framover.

Talemål og skriftmål

FAGERNESKONFERANSEN Buskerud Mållag, Valdres Mållag og Austmannalaget inviterte i oktober til ein felles konferanse om dialektutviklinga og -arbeidet i austlandsdalane. Konferansen samla om lag 75 deltarar, og var eit flott tiltak og eit godt døme på samarbeid over fylkeslagsgrensene. Noregs Mållag sette pris på å få vere til stades og lære meir om eit felt som sentrallekken sjølv ikkje har fått gjort så mykje som vi skulle ynskt med dei siste åra.


Internasjonalt arbeid

Noregs Mållag skipa til konferanse i Bergen i november med tittelen *Målstrid og mangfold*. Konferansen vart laga til i samarbeid mellom Internasjonalt utval og sentrallekken. Konferansen baud også på innleiarar frå utlandet, og frå den kanten fekk vi gode framstillingar av arbeidet både for walisk og katalansk, attåt ei meir overordna innleiing om korleis halde på språkmangfaldet i verda.

Konferansen samla kring 70 diskusjonslystne målfolk, og Noregs Mållag fekk svært gode attendemeldingar frå deltarane på det faglege innhaldet og ordskifta gjennom heile helga.



Glade målungdomsgutar på summarleir: Ola Haugen Havrevoll og Jens Kibl.



Samskipnaden

Lag og medlemer

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemer 31. desember):

Medlemer	Endring	Tilgang	Fråfall†	Fråfall*
1994	11 582	- 144		
1995	10 820	- 762		
1996	11 113	+ 293	487	-194
1997	10 826	- 287	566	-853
1998	10 852	+ 26	691	-665
1999	11 046	+ 194	775	-581
2000	11 001	- 45	539	-584
2001	10 883	- 118	476	-594
2002	10 588	- 306	658	-688
2003	10 329	- 259	491	-731
2004	10 141	- 188	452	-461
2005	10 162	+ 21	675	-487
2006	10 167	+ 5	389	-525

† Utmeldingar og avlidne

* Har ikkje fornya

Medlemstalet gjekk opp med 5 medlemer (0,05 %) i 2006. Medlemstalet for 2006 er med det 10 167. Medrekna medlemene i Norsk Målungsdom er medlemstalet 11 580, ned 218 frå i fjar. Om vi skil mellom laga som er med i både Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag (8 stk) og dei som er berre med i Noregs Mållag, ser vi at dei «vanlege» lokallaga våre har hatt ein framgang på 23 medan NU-laga har hatt ein attendegang på 10 (to av desse laga har ein samla nedgang på 44, medan eit anna har ein oppgang på 30). Jamt over er det slik at dei fleste laga anten har om lag det same medlemstalet, eller aukar litt. Det er fire lag som har hatt ein auke på meir enn 20 betalande medlemer: Ørsta Mållag (28), Oslo Mållag (24), Medisinsk Mållag (23) og Bergen Mållag (20). Ørsta Mållag hadde ein eigen vervekampanje der dei sende brev med tilbod om medlemskap til oppunder hundre personar i kommunen. Den største auken i prosent hadde Vennesla Mållag, med 127 prosent fleire medlemer (frå 10 til 24).

Det er registrert fødeår på 56 prosent av medlemene, og gjennomsnittsalderen er no 59,4 år, ein oppgang frå 58,2 år i førre årsmelding. Praksisen med medlemsregistreringa er slik at medlemer som ikkje betaler, vert ståande i registeret og får tilsendt medlemspengekrav og Norsk Tidend i tre år. Deretter vert dei sletta. Dei som ikkje har betalt, er med på medlemslistene som lokallaga får tilsendt, slik at laga kan ta kontakt med dei, men dei vert sjølv sagt ikkje rekna med i det offisielle medlemsstalet. Det er no 11 464 namn i medlemsregisteret. Dette inkluderer mellom anna tingarar på Norsk Tidend.

VERVEARBEIDET Det har vore ein nedgang i medlemsvervinga i 2006. Frå 1. januar 2006 til 31. desember 2006 fekk vi 524 (2005: 854) nye medlemer. Av desse har 389 betalt medlemspengar til no. I perioden 1. januar til 19. februar 2007 er det verva 101 nye medlemer.

Lokallaga har jamleg fått tilsendt oppdaterte medlemslister for å kunne fylge med på vervinga.

MATVAREKJEDA Drageset har starta opp eit matmagasin på nynorsk.

SPAREBANKEN SGN OG FJORDANE vart i 2006 den fyrste nynorske nettbanken i fylket.



«Alle» var på jubileumslandsmøtet i 2006. Senterpartiet, Høgre og Venstre stilte med sentrale kvinner til å helse Mållaget. Foto: Hege Lothe

LOKALLAG OG FYLKESLAG For 2005 mottok skrivarstova årsmelding frå 134 lag og 18 fylkeslag. For 2004 var tala 116 og 18. Det er veldig gledeleg at talet på lag som har sendt inn årsmelding har auka slik. Dette er det høgste talet sidan 2001. Det er framleis aktive lag som ikkje sender inn årsmelding, men rutinane for dette ser ut til å ha vorte mykje betre.

Laga som ikkje sender inn årsmelding får ikkje nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden. Mange lag får heller ikkje utbetalt medlemspengar dei har til gode på grunn av manglande innsending av årsmeldingar. Sørfosen språk- og dialektlag og Trafikkklærarmållaget er nyskipa i perioden. Mållaga i Alvdal og Tynset har slege seg saman. Vang Mållag, Norddal Mållag og Rennebu Mållag er oppattskipa i perioden. Namdalseid Mållag er nedlagt. Åtte lag er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

Leiinga for yrkesmållaga har vore samla for å styrke samarbeidet og for ein ny giv for denne typen lag. Dette er også ein del av oppfylginga av organisasjonsutvalet si innstilling.

STUDIEARBEID OG LEIARTRENING Noregs Mållag er ein av 24 medlemsorganisasjonar i Folkekulturforbundet.

I 2006 hadde vi registrert 181 studietimar, fordelt på 5 kurs i to ulike lag. I 2005 hadde vi 193 studietimar. Det

er framleis slik at det meste av studiearbeidet laga driv med, ikkje vert rapportert inn til Folkekulturforbundet. Dei to laga som hadde kurs fekk utbetalt 10 320 kroner i støtte. Det har vore sendt ut innmeldingsskjema for studieringar og studietiltak til laga. Studieplan for kunnkapstevlinga til Noregs Ungdomslag, Kven Veit, vart send ut til alle laga. Emnet i 2006 var jubileet til Noregs Mållag.

LANDSMØTET 2006 Landsmøtet i 2006 vart halde i Oslo 28.-30. april. Det var påmeldt 227 utsendingar, observatørar og gjester. Hovudfokuset på landsmøtet var hundreårsjubileet til Noregs Mållag.

Landsmøtetalen var Frank Aarebrot, som heldt talen *Strategiar for nynorsken i eit hundreårsperspektiv*. Peter Skarheim, direktør i Utdanningsdirektoratet, heldt innleiing om *Utfordringar for nynorsken i skulen*. Olaug Nilssen fekk målprisen, og Blåmann Barnebokklubb og Avisenes Nyhetsbyrå fekk målblomar. Det var ei rekke helsingar på landsmøtet; Norsk Barneblad, Dag og Tid, Det Norske Samlaget, Landssamanslutninga av nynorskommunar, Kringkastingsringen, Det Norske Teatret, Noregs Ungdomslag, Nynorsk pressekontor, Nynorsk Kultursentrum, Språkrådet, Sandeselskapet, Aaseninstituttet, Nynorksenteret, Sosialistisk venstreparti, Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Høgre, Venstre,

Nei Til EU, Forleggjarforeininga, Noregs Barne- og ungdomsboksforfattere og Landslaget for lokalaviser.

Informasjons- og mediearbeid

Opning av hundreårsjubileet var knytt til jubileumshelga i februar 2006. Dette er attgjeve breitt i førre årsmelding. Den neste store hendinga i jubileet var knytt til jubileumslandsmøtet i Oslo siste helga i april. Dette landsmøtet var lagt til Oslo og «Håndverkeren» fordi ein ynskte ei størst mogleg deltaking frå lokalorganisasjonen, men også fordi ein ynskte å nå sentrale politiske miljø og pressemiljø. Det vart arbeidd mykje med å få inn nasjonale media til landsmøtet, og samanlikna med førre landsmøte i Oslo (2002) greidde vi å få til dette. I framkant av landsmøtet vart det lagt opp ein strategi frå styret si side at dette skulle vere eit jubileumslandsmøte, men først og fremst eit framtidslandsmøte. Noregs Mållag ville nytte høvet til å drøfte framtidta, med sikte på å lage ein effektiv og slagkraftig nynorskstrategi for det neste hundreåret. Det kom ikkje noko endeleg resultat av dette ordskiftet, men utetter vart Noregs Mållag profilert på ein positiv og optimistisk måte.

Landsmøtet i Oslo fekk bra merksemd fordi vi fekk sett sokjelys på hundreårsmerkinga, og av di det var korte reiseavstandar til dei store redaksjonane. Mellom anna var det eit innslag på Kveldsnytt frå jubileumsmiddagen på Oslo Rådhus, og dagen etter var det intervju med nyvald leiar Hege Myklebust på NRK Dagsrevyen og innslag på TV 2.

Utover våren fekk vi ei viss merksemd kring skrive-tevlinga, og særleg då vinnarane vart kåra.

Styret peika tidleg ut arbeid for meir nynorsk i daglegvarebransjen som eit satsingsfelt. I media fekk dag-



Rift om den nye mållagsleiaaren: Hege Myklebust blir filmat av TV 2 og NRK. Foto: Hege Lothe

legvarekampanjen eit godt spark framover då Rema 1000-butikken i Volda fekk nynorske skilt i butikken og det kom ei heilside om dette i VG (sjå faksimile på side 13). Også leiar Hege Myklebust vart intervjua og sa at initiativet frå butikkeigaren i Volda gav inspirasjon til vidare daglegvarekampanje i Mållaget. Oppslaget i VG skapte fleire oppslag i andre aviser og media.

I november vart Nynorsk Næringslivspris delt ut for fyrste gong. Prisen gjekk til saft- og syltetyprodusenten Lerum, og vart utdelt under ei tilskiping i Bergen. Lerum syntet seg å vere eit godt val. Det er eit kjent merkenamn, og dette førte til oppslag i fleire media.

Men Noregs Mållag har òg greidd å synleggjere seg i høve til saker som ikkje er sett i gang av oss. Striden kring Språkrådet sin definisjon av «nordmann» gav oss høve til å markere oss på mangfaldet si side. Det same gjorde debatten i Morgenbladet, som kom etter at ein journalist hadde teke til orde for å fjerne nynorskkravet til statleg tilsette for å auke integreringa. Her svarte Hege Myklebust både med eit generelt debattinnlegg som vart sendt ut til mange aviser, og med eit særskilt svar til Morgenbladet. I ei tid der nasjon og kultur stadig vert diskuterte og redefinerte, er nok dette ein type ordskifte det vil kome fleire av i framtida.

Vidare har vi sendt ut saker frå lokallaga til pressa gjennom publiseringssystemet vårt som når ut til alle avisredaksjonar i heile landet, når det har vore saker som har hatt nasjonal interesse. Døme på dette er Østfold Mållag sin språkpris til «Lange flate ballær», Juristmållaget sin målpris til Högsterettsdomar Karl Arne Utgård og Mediemållaget sin Nynorsk redaktørpris til Per Arne Kalbakk.



Landsmøtefesten i Oslo Rådhus fekk stor mediemerksemd, og vart dekt på Kveldsnytt same kveld.

Kjartan Helleve har vikariert for Hege Lothe som informasjonskonsulent og redaktør av Norsk Tidend frå årsskiftet.

MEDIEDEKNING PÅ LANDSMØTET Vi har registrert 212 treff før, under og etter landsmøtet knytt til landsmøtet. I fjor registrerte vi 219 treff (inkludert alle oppslaga om Slepp nynorsken til-kampanjen), i Ålesund i 2004 var det 182 klypp, i Grimstad i 2003 var det 159 klypp, i Oslo i 2002 var det 167, på Bryne i 2001 var det 193, medan det i Bergen i 2000 var 270 klypp.

Oppslaga var fordelt på aviser, radio, fjernsyn, nettaviser og tekst-tv. Sidan i fjor har vi bytt leverandør av klypptenester, vi er gått over frå Observer til Ifoqus. Ifoqus leverer primært klypp på nett til oss, men frå opninga av jubileet og til og med hundreårslandsmøtet har vi òg fått registrert saker som berre kjem på papir. Tala over er ein kombinasjon av papirklypp og nettklypp, det kan difor hende at det er nokre dobbeltregistreringar. Ei klypptenste vil heller ikkje kunne fange opp alt.

Om ein samanliknar dette landsmøtet med det som sist vart halde i Oslo, er skilnaden på klyppomfanget stort. I motsetnad til i 2002 hadde vi fleire journalistar i salen under møtet. Dagsavisen var til stades i salen under møtet fredag og laga ei stor sak på Frank Aarebrot sin tale. Sunnmørsposten var òg til stades og laga sak på litteraturprisane. Både NPK og ANB var i salen, og båe byråa sende ut meldingar som fekk godt gjennomslag i lokal- og regionalaviser. ANB hadde sjølv laga oppslag om at dei fekk målblomen og den fekk så stort gjennomslag at informasjonskonsulenten ikkje såg det naudsynt å sende ut eiga melding. På laurdagen var Klassekampen i salen, og NRK hadde eit innslag på nyhenda på NRK1 frå festen i Rådhuset. I tillegg var det to frilansjournalistar til stades som til saman representerte seks aviser i nynorskområde, hovudsakleg på Vestlandet. Desse laga fine saker frå landsmøtet. I tillegg hadde mållaga på Agder engasjert Judith Sørhus Littlehamar til å gjere pressearbeid for dei under landsmøtet. Judith skreiv saker som ho sende til lokalpressa på Agder. Den tida ho ikkje gjorde det, var fri til at Noregs Mållag kunne nytte ho.

Det som likevel var det mest gledelege var at både NRK og TV 2 var til stades under valet på sundagen, og båe hadde oppslag på kveldsnyhenda om den nye leiaren. Desse oppslaga var svært gledelege og tel meir enn mange avisklypp.

Litteraturprisane fekk bra merksemnd. ANB sende ut melding om Øyvind Vågnes, og den fekk mange oppslag. Merksemnda var nok størst på Sunnmøre der båe vinnarane fekk fleire større oppslag. I tillegg var Vågnes intervjua på førehand av BT.

100-årsfesten fekk nok litt mindre merksemnd enn vi kunne vente. Berre Aftenposten av dei store Oslo-avisene hadde omtale av festen på førehand, men dei hadde omtalen skriven på nynorsk! Fleire lokalaviser hadde

trykt pressemeldinga frå Noregs Mållag, og Trio Søt fekk tre store oppslag i ulike lokalaviser rundt Haugesund på at dei skulle spele på festen. Dag og Tid stilte med ein journalist på 100-årsfesten, og hadde to siders omtale av festen etterpå.

ANB sende òg ut ei generell melding om landsmøtet føreåt. Denne ser òg ut til å ha kome på trykk i ei rekke lokalaviser, fyrist og fremst i nynorskområde.

Rett etter landsmøtet, 2. mai, var Hege Myklebust på Dagsnytt Atten i NRK P2 i debatt med Unge Høgrefeiaren Torbjørn Røe Isaksen om tidlegare start av nynorskundervisninga i skulen.

PRESSEMELDINGAR Noregs Mållag legg vekt på å sende ut aktuelle pressemeldingar. Somme meldingar er knytte til eigne aktivitetar, medan andre pressemeldingar er utspel knytte til aktuelle hendingar eller saker. Noregs Mållag sende ut 28 pressemeldingar mellom 22. februar 2006 og 1. januar 2007. Det er noko færre enn tidlegare år, men kjem av at vi ikkje har hatt større kampanjear. Dei fleste pressemeldingane går ut til heile presse-Noreg, medan nokre pressemeldingar har gått til eit meir avgrensa utval. Dette oversynet speglar ikkje oppslag der Noregs Mållag har gjeve ei sak meir eksklusivt til ein aktør. Pressemeldingane kan lesast på heimesidene til Noregs Mållag.

- Festkveld i Førde markerer dobbeltjubileum 20.02.06
- Einar Ådland er nyvald leiar i Hordaland Mållag 21.02.06
- Bård Kolltveit har fått målpris av Odda Mållag 24.02.06
- Takk, Ivar Aasen – til å tak! Seminar for nynorskkrivande juristar 24.02.06
- Til lukke med dagen! 08.03.06
- Hege Myklebust er innstilt som ny leiar i Noregs Mållag 07.04.06
- Hundreårsfest for Noregs Mållag 25.04.06
- Stor respons på Mållagets skrivekonkurranse 26.04.06
- Start tidlegare med nynorsk 30.04.06
- Stå opp mot ESA, Giske! 04.04.06
- Vinnarane klare i nasjonal skrivetevlaing 23.06.06
- Nynorsk ein del av integreringa 21.09.06
- Noregs Mållag lyser ut ny næringslivspris 29.08.06
- Noregs Mållag glad for auka løving 06.10.06
- Språkpris til «Lange, flate ballær» 13.10.06
- Noregs Mållag kritisk til Språkrådet 05.11.06
- Eit nynorsk industrieventyr 10.11.06

Pressemeldingar i samband med landsmøtet 28. april til 1. mai 2006:

- Godt nynorsk-initiativ frå ANB
- Hege Myklebust er ny leiar i Noregs Mållag
- Start tidlegare med nynorsk

- 30.04.06 Hege Myklebust ny leder i Noregs Mållag, Myklebust, NRK
 - 30.04.06 Myklebust ny leder i Noregs Mållag, Myklebust, Bygdeposten
 - 30.04.06 Myklebust ny leiar i Noregs Mållag, NRK Kveldsnytt
 - 30.04.06 Myklebust ny leiar i Noregs Mållag, TV 2
 - 01.05.06 Myklebust ny leder i Noregs Mållag, Myklebust, Bergensavisen
 - 01.05.06 Hege Myklebust ny leiar i mållaget, Myklebust, Firda
 - 01.05.06 Marie Lovise Widnes æresmedlem i Noregs mållag, Vikebladet Vestposten
 - 02.05.06 Ny leder i Noregs Mållag, Myklebust, Moss Avis
 - 02.05.06 Målblome til ANB-redaktøren, Bjørhusdal, Journalisten
 - 02.05.06 Målprisen til Nilssen, NRK Sogn og Fjordane
 - 02.05.06 Heder til nynorsk-journalister, Bjørhusdal, Propaganda
 - 02.05.06 Noregs Mållag vil ha tidlegare start med nynorsk, Myklebust, Utdanning
 - 02.05.06 Gjest i Dagsnytt Atten, Myklebust
 - 02.05.06 Start tidlegare med nynorsk, Myklebust, NPK Neste Klikk
 - 03.05.06 Målfolket siktar mot nye hundre, Neste Klikk

- 06.05.06 Talegåver til ein jubilant, Dag og Tid
 - 23.05.06 Kjempar for nynorskklassen: - Skulen øydelegg nynorsken, VestNytt
 - 26.05.06 Måldamen, Myklebust, Haugesunds Avis
 - 28.06.06 Bokmålsrevolusjonen, Neste Klikk
 - 28.08.06 Tradisjon med nynorsk dør ut, Myklebust, Helgeland Arbeiderblad
 - 28.08.06 Nynorsk i butikken, Myklebust Bergens Tidende
 - 28.08.06 Rema 1000 på nynorsk, Myklebust, NRK Hordaland
 - 30.08.06 Nynorsk som daglegvare, Myklebust, Nati-onen
 - 30.08.06 Noregs Mållag ber lærarane ta ansvar, Mor-ken Endresen, Utdanning
 - 01.09.06 Skulebøker kjem altfor seint, Myklebust, Dag og Tid
 - 04.09.06 Manglar lærebøker på nynorsk, NRK Sogn og Fjordane
 - 05.09.06 Matbutikken kan verte nynorsk, Myklebust, Telemarksavisa
 - 11.09.06 Flere nynorsk-Rema, Myklebust, Handels-bladet FK
 - 13.09.06 Ikkje nynorsk i Dagbladet med det fyrste, NPK
 - 22.09.06 Vil at innvandrar skal få læra nynorsk, Myklebust, Sogn Avis

Hardanger Folkeblad

Nr. 126
1. november 2006
Arleng 57
Lansid. kr. 12,-

www.hardanger-folkeblad.no

onsdag

Vil kjøpe Hardanger Vekst
Stensland Rådgivning med Tor Petter Stensland
steker å kjøpe alle aksjene i Hardanger Vekst. Da er
kompaniet etablert og har fått en god start, men det
er godt givende vedtaket i formannskapet får rád-
mannen fullmakt til å gå i dialog med Stensland om
kjøp av aksjene.

Side 6

IKKE FÅTT AVISA?
53 65 06 00

Tips til HF: 53 65 06 20

Ingen ny rádmann i Eidfjord

Det er ikke tilsett nokon ny rádmann i Eidfjord kommune. Ordinarien kan komme med framlegg om vedtak til at

Finn Kristoffersen skulle tiltre i arbeidet med å finna ut kva ein skal stillinga. Kristoffersen har som kjent trekt sin saknadi, og det vert no

Side 7

5 millioner til utvidelseplan

Sirkusprisen fortsetter å stige. I fjor var det 40 dollar pr. tonn. Det er stange at både Odda og Hordaland må betale 40 dollar pr. tonn om Bolden Odda skal utvide produksjonen, men det er satt av et stort overskot i selskapets års budsjett til å oppgradere minstekader i prosjektet.

Side 6

To tusen oddganger med i undersøking

Verdigransjonsmann for helse og omsorg har tatt initiativ til et storstilt undersøking som omfatter mest innre ting i helseforetak i hele Europa. Odda kommune er bedømt som et av de landa der det er to tusen innbyggjarar sit omfattande spørreskjema i posten. Det er også tilstrekkeleg for alle om å svare, for å hjelpe Odda kommune.

Side 8

Ny rennengaskin på sjøhuset

Side 5

ODDA KINO

Lørdag 11. oktober kl. 21.30
Kino i Odda
Sall Odda, overvarden i Odda sentrum

Nynorsk hundréarsfeiring

Sjørværet Sjøfart Lomhavn (bilte) var programleiar til Odda og Ullensvang Målgang feira hundréarsjubileet

til Norges hundre år i kinosalen i Odda, lørdag kveld. Kvelden var spekket med solide og gode innslag med bidragsgjartar frå Ullenvangen, Odda og Roldal.

Side 10

Det vart skipa til hundreårsfestar og andre markeringar for Mållaget over heile landet. I Odda skipa mållaga i Odda og Ullensvang til kulturfestival, med språkrådsdirektør Sylfest Lomheim som programleiar.



- 26.09.06 Med a-endelser på A-laget, Handelsbladet FK
- Tolkien i nynorsk drakt, Ulvund, Aura Avis
- 27.09.06 Vil ha nynorsk i 4. klasse, Bjørhusdal, ANB
- 16.10.06 Nynorsk nettbank, Morken Endresen, Neste Klikk
- 28.10.06 Bønner i byen, Klassekampen
- 31.10.06 Rørande nynorsk kulturveld, Hardanger Folkeblad
- 06.11.06 «Folkeavstemming» om nynorsk, ANB
- 07.11.06 Språkrådet därlege kartlesarar, Nationen
- 07.11.06 Fleirtal for nynorsk i Møre og Romsdal, Endresen, Nationen
- 10.11.06 Lerum får Mållagets næringslivspris, Rekve, Firdaposten
- 10.11.06 Nynorsk næringslivspris til Lerum AS, Rekve, Stavanger Aftenblad
- 10.11.06 Nynorsk-pris til Lerum, Myklebust og Rekve, Bergensavisen
- 10.-12.11.06 Pressemelding om Lerum og næringslivsprisen, Rekve, 25 nettaviser
- 11.11.06 Nynorskpris til Lerum, Myklebust, Bergens Tidende
- 17.11.06 Noregs Mållag er letta, Myklebust, NRK
- 30.11.06 Nytt matmagasin på nynorsk!, Myklebust, Propaganda
- 04.01.07 Veldig uheldig, Myklebust, Bergens Tidende
- 21.01.07 Haute Couture på nynorsk? Morken Endresen Neste Klikk
- 25.01.07 50.000 kroner for å fremme nynorsk, Helleve, Gründer.no
- 02.02.07 Fra nynorsk til finkultur, Myklebust, Aftenposten
- 07.02.07 Flørter med nynorsk i dameblader, Myklebust, Bergens Tidende

LESARBREV OG DEBATTINNLEGG

- 08.11.06 Norske nordmenn og Språkrådet, Myklebust, Dagbladet
- 22.11.06 Nynorsk i Sveits, Myklebust, Sunnmørs-posten
- 08.12.06 Nynorsk framtid for Møre og Romsdal, Myklebust, Tidens Krav
- 13.02.07 Noreg er meir enn Oslo lufthavn, Morgenbladet

GRAFISK PROFIL I høve hundreårsjubileet fekk Noregs Mållag laga ein eigen grafisk profil. Oppdraget gjekk til Øystein Vidnes og inkluderte alt frå vanleg kontorrekvisita som visittkort, brevark og konvoluttar til eigne jubileumsprodukt som plakatar og informasjonsfaldalar. Dette var særskilt vellukka og gav heile jubileet ein tydeleg grafisk profil. Særleg vart det særskilde jubileumsserviset ein suksess og er no nesten utseld. Vi har difor vedteke å halde fram med den same profilen,

men endre fargen og ta bort 100 års-teksten. Vi vil også lage eit nytt servise i same stil, men med ny farge. Håpet er at dette skal verte ein samleserie, med ei ny utgåve kvart år. Som ein del av uttrykket har det vore små vers i sjølve forma. Grunna tidspress fall forfattarnamnet ut av profilen, men dette er retta i 2007-versjonen.

NYTT OM NYNORSK Nytt om nynorsk formidlar korte meldingar internt og delvis eksternt i og frå organisasjonen. Nytt om nynorsk har i det siste året vore prøvd knytt opp til skrivarstova i Oslo, der organisjonskonsulenten med hjelp frå skulemålskrivaren skal ha ansvar for å lage meldingsbladet. Planen har vore å gjere Nytt om nynorsk til eit elektronisk meldingsbrev, men grunna tekniske problem har ikkje dette vore mogleg før ved juletider. Det har ikkje kome noko Nytt om nynorsk i 2007.

NORSK TIDEND Norsk Tidend er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa vert sendt ut til medlemene i Noregs Mållag, Norsk Målungsdom og til tingarar av avisa. Det har kome ut fem nummer i perioden. Hege Lothe er redaktør, og Kjartan Helleve vikarierer for henne frå og med nr. 1-2007 til 3-2007. Nr 1-2007 er også publisert elektronisk på heimesida til Noregs Mållag.

Omlegginga av profil har vore vellukka, avisa er vorten meir variert og er lettare å lese. Faste postar gjer henne lett gjenjenneleg. I redaksjonen sit Magnus Bernhardsen, Marit Aakre Tennø, Eva Marie Mathisen, Anna Kleiva og Jens Kihl, ulønna. Utover dette er det ikkje faste medarbeidarar i avisa, men det er fleire som leverer faste bidrag. Norsk Tidend var i 2006 prega av jubileumsfeiringa sentralt, og lokale tilskipingar gav stort stofftilfang.

HEIMESIDENE Nettsidene til Noregs Mållag, www.nm.no, skal vere både ein utoverretta nyhendedeportal og intern organisasjonsportal. Nettsidene skal vere ein stad der ein kan få oppdatert informasjon om Noregs Mållag både for dei som arbeider med målsak jamleg og dei som tilfeldigvis er innom. Det vert jamt arbeidd med å utvikle sidene både i struktur og innhald. Sidene vert stort sett oppdaterte med aktuelle saker fleire gonger i veka, både pressemeldingar, lesarbrev, medieoppslag, høyringsfråsegner og andre aktuelle dokument. Overgangen til ny profil har gått bra, men det er trong for ei opprydding og ei oppdatering på sidene.

Det vert arbeidd med å få på plass mal for lokallags sider under www.nm.no, jamfør arbeidsprogrammet. Dette arbeidet er diverre om lag eitt og eit halvt år forseinka, men når pilotprosjektet er klart i løpet av våren 2007, vil det vere mogleg for andre å fylgje etter.

Heimesidene har frå tusen til femten hundre unike brukarar innom kvar dag. I snitt er kvar brukar innom 11 ulike sider under www.nm.no.



Den som finn ei plomme
kan svelge ho rett ned
Men den som finn ein gullklump
kan aldri meir få fred

RASMUS LIE, 1972

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Heiderslagsmedlemer

Heiderslagsmedlemer i Noregs Mållag er no Torolv Hesthamar, Olga Meyer, Einfrid Perstølen, Magne Rommetveit, Bjørnar Østgård, Marie Lovise Widnes, Audun Heskestad og Berge Furre.

Styret og arbeidsutvalet

Styret og arbeidsutvalet i arbeidsåret har vore:

Leiar: Hege Myklebust (AU)

Nestleiar: Åsmund Lien (AU)

Styremedlemer: Morten Søberg (AU), Berit Rekve, Nils Ulvund, Unn Røyneland og Ingebjørg Før Gjermundsen

Varamedlemer: 1. Olav Skare, 2. Anne Marit Godal, 3. Anne Elise Winterhus, 4. Sæbjørn Forberg, Trine Østereng (NMU) og Jens Kihl (NMU)

Styret har hatt 7 møte og handsama kring 80 saker når arbeidsåret er over. Dei viktigaste sakene i styret har vore skulepolitikk, daglegvarekampanjen og jubileet. Styret har også arbeidd mykje med innspel til ulike dokument om nynorsk frå departement og Stortinget. Arbeidsutvalet har hatt 5 møte og handsama om lag 40 saker når arbeidsåret er over. AU har brukte mykje uformell kontakt attåt dei formelle møta. Det har vore eit viktig supplement i det daglege arbeidet med saker.

Hege Myklebust har vore frikjøpt i 50 prosent stilling i arbeidsåret. Nils Ulvund var frikjøpt i 30 prosent stilling i 2 månader. Andre i styret har ikkje vore frikjøpte.

Landsrådet

Landsrådet har hatt to møte og drøfta 15 saker. Dei viktigaste sakene har vore organisasjonsinnstillinga og valkampen. Dessutan deltok heile landsrådet på dagsseminar som Kringkastingsringen skipa til i januar, om nynorsk i riksmedia.

Landsrådet er eit viktig kontaktorgan mellom styret og fylkeslag, og fylkesleiarar imellom. Utveksling av idear og røynsler ser ut til å vere det landsrådsmedle-mene sjølv set mest pris på.

Valnemnda

Valnemnda i arbeidsåret har vore:

Leiar: Endre Brunstad

Medlemer: Grete Riise, Håvard Teigen, Anne Austad, Sigbjørn Hjelmbrekke (NMU)

Varamedlemer: 1. Trond Trosterud, 2. Veronika Bonaa, 3. Elisabeth Bakke, Morten Elster (NMU) og Synnøve Midtbø Myking (NMU).

Valnemnda arbeider i hovudsak gjennom telefonmøte og epostkontakt. Dei har vore samla til eitt fysisk møte i perioden, under styre- og landsrådshelga i Oslo i januar 2007.

I 2006 KOM DET om lag 230 bøker på nynorsk. Av desse var om lag 70 for barn og unge, inkludert parallellutgåver av lesetreningsbøker for skulen.

OMSLAGET PÅ PLATE nummer to med musikk frå *Med hjartet på rette staden* er på nynorsk.

Skrivarstova

Tilsette i arbeidsåret har vore:

Dagleg leiar: Gro Morken Endresen

Økonomikonsulent: Berit Krogh

Informasjonskonsulent: Hege Lothe (permisjon frå 15. desember)

Informasjonskonsulent: Kjartan Helleve (vikar for Hege Lothe frå 2. januar)

Skulemålsskrivar: Ingar Arnøy

Organisasjonskonsulent: Magnus Bernhardsen

Politisk sekretær: Ragnhild Bjørge (20 prosent, til 31. desember 2006)

Kampanje-/jubileumssekretær: Marit Aakre Tennø (40 prosent, til 30. juni 2006)

Fyrstesekretær: Else Elise Sætre Bullus (50 prosent)

Datakonsulent: Tarjei Vågstøl (20 prosent)



Hege Myklebust vart vald til leiar på landsmøtet. Foto: Hege Lothe

Nemnder og utval

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåret 2006-2007. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore og den som er representant no. Reint mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre med dei representante Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av AU, leiar eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret. Styret har fylgt regelen om at ingen skal ha eit verv i meir enn åtte år.

NEMND FOR NYNORSK BARNELITTERATURPRIS

Randi Brenden, 04-07

Eirik Vassenden, 05-08

Nana Rise Lynum, 06-09

NEMND FOR NYNORSK LITTERATURPRIS

Morten Haugen, 05-08

FONDET FOR NORSK MÅLREISING

Hallgrim Berg, 03-05, 05-07

Håvard Teigen, 03-05, 05-07

Toril Nicolaisen, 03-05, 05-07

RÅDET FOR NYNORSK KULTURSENTRUM

Grete Riise, 01-03, 03-05, 05-07, 07-09

Steinulf Tungesvik, 01-03, 03-05, 05-06

STIFTINGA MAGASINETT

Åse Elin Langeland, 05-07

RÅDET FOR NORSK BARNEBLAD

Gro Morken Endresen, 05-07

Ingeborg Mjør, 05-07

Vara:

1. Gard Espeland, 05-07

2. Magnhild Selås, 05-07

STYRET FOR NORSK BARNEBLAD

Marit Tennø, 05-07

Vara: Line Brendberg, 03-05, 05-07

STIFTINGA PIRION

Åse Elin Langeland, 05-07



Mållaget oppnemnde tre nye heidersmedlemer på landsmøtet i 2006: Berge Furre, Marie Lovise Widnes og Audun Heskestad. Foto: Hege Lothe

MÅLPOLITISK RÅD FOR DET NORSKE TEATRET

Rutt Trøite Lorentzen, 01-03, 03-05, 05-07

Anne Elise Winterhus, 99-05, 05-07

Nils Moldøen, 06-08

Magni Øvrebotten, 02-06, 06-08

Ragnhild Vannebo, 06-08

Vara:

Paul Ottar Haga, 03-05, 05-07

Endre Brunstad, 06-08

VALNEMND FOR MÅLPOLITISK RÅD, DNT

Olav Helge Øwre, 04-07

NYNORSK PRESSEKONTOR

Jan Atle Stang, 03-05, 05-07

Håvard Teigen, 06-08

Vara: Oddbjørg Starrfeldt, 99-05, 05-07

HALLDOR O. OPEDALS FOND

Kåre Lilleholt, 04-08

Vara: Marie Morken, 04-08

SANDEFJORD OG SANDAR MÅLLAGS LEGAT

Håvard Teigen, 99-05, 05-07

AKADEMIFONDET I RAULAND

Rune Christenson, 99-07

Vara: Ågot Jordstøy, 03-07

OSLO NYE SPAREBANKS FOND

Håvard Teigen, 04-07

Vara: Erik Bolstad, 04-07

ANNE RØFLO LONGVA OG ALF ANDRE LONGVAS FOND

Håvard Teigen, 02-04, 04-06, 06-08

Vara: Toril Nicolaisen, 02-04, 04-06, 06-08

RIKSFONDET FOR NYNORSK PRESSE

Johann Roppen, 05-07

Erling Lægreid, -07

VESTMANNAFONDET

Åsmund Lien, 06-08

JURY FOR NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS

Berit Rekve (leiar)

Jørn Lekve

Christian Sulheim

Anne Karin Sveinall

Ragnar Lurås

Reiseverksemda

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i arbeidsperioden. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførde. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing.

Dato	Stad	Tilskiping	Representant
29.3.2006	Bergen	Pressekonferanse Dei nynorske festspela	Endresen
4.-5.4.2006	Oslo	Aviskurs	Lothe
20.4.2006	Oslo	Rådsmøte Norsk Barneblad	Endresen
22.4.2006	Oslo	Målpolitisk råd ved Det Norske Teatret	Arnøy
4.5.2006	Hovet	Kulturkveld Hol Mållag	Arnøy
9.5.2006	Hamar	Foredrag Høgskolen i Hedmark	Arnøy
10.-11.5.2006	Volda	Norskurs, Høgskulen i Volda	Arnøy
23.5.2006	Oslo	Norskurs, Oslo Katedralskole	Arnøy
24.5.2006	Oslo	Møte med KD, lærebokssituasjonen	Endresen, Arnøy
24.5.2006	Stavanger	Norskurs for vgs-elever	Arnøy
30.5.2006	Oslo	Konferansen «Betre nynorskundervisning»	Myklebust, Lothe
31.5.2006	Oslo	Møte med Nynorsk pressekontor	Endresen
1.6.2006	Oslo	Møte med KKD, statssekretær Øverland	Myklebust, Endresen
7.6.2006	Oslo	Møte med Tiden Forlag om Ringdrotten	Endresen, Arnøy
13.6.2006	Fjell	Møte med Fjell kommune om ungdomsskulen	Arnøy
14.6.2006	Oslo	Forum for nynorsk i skolen	Endresen
16.6.2006	Tingvoll	Møte med Tingvoll kommune om postivt sidemålsforsøk	Arnøy
17.6.2006	Sunndal	Kulturhelg Sunndal	Arnøy
19.6.2006	Skien	Generalforsamling Dag Bondeheim	Endresen
20.6.2006	Arendal	Møte med ungdomsskular, positivt sidemålsforsøk	Arnøy, Løver
20.6.2006	Arendal	Møte med Aust-Agder fylkeskommune, seminar om positive sidemålsforsøk	Arnøy, Løver
21.6.2006	Kristiansand	Møte med Vest-Agder fylkeskommune seminar om positive sidemålsforsøk	Arnøy, Løver
21.-25.6.2006	Ørsta/Volda	Dei nynorske festspela	Myklebust, Ulvund, Lothe Rekve, Lien, Endresen
4.7.2006	Tingvoll	Styremøte Nordmøre Mållag	Arnøy
4.7.2006	Aure	Møte med Aure Mållag og aktivistar, skulemålsrøysting	Arnøy, Ulvund
5.7.2006	Sunndalsøra	Møte med Aura Avis: Om nynorsk i avis	Arnøy, Ulvund
11.8.2006	Oslo	Møte med Utdanningsdirektoratet og læremiddelutvalet i Forleggerforeningen	Endresen
11.-12.8.2006	Årdal	Målrock	Lothe
25.8.2006	Oslo	Nynorsk forum	Endresen
26.8.2006	Stavanger	Foredrag, lagsleiararsamling NMU	Arnøy
30.8.2006	Sunndalsøra	Innleiing på kommunestyremøte	Arnøy
6.9.2006	Oslo	Møte med st.repr. Erling Sande om læremiddel og mållova	Endresen
6.9.2006	Oslo	Møte med NRK	Endresen
12.9.2006	Oslo	Møte med Dagbladet, sjefredaktør Anne Åsheim	Endresen
13.9.2006	Oslo	Møte med Microsoft v/ kommunikasjonsdirektør	Søberg, Endresen
19.9.2006	Trondheim	Trondheim kommune: vilkåra for nynorskelevar ved Rosenborg skole	Arnøy
23.9.2006	Røros	Innleiing på lagssamling, Trønderlaget	Arnøy
27.9.2006	Oslo	Innleiing på lagssamling, Vikværingen	Arnøy
27.9.2006	Oslo	Frivillighetskonferansen HSH	Rekve
27.9.2006	Hovdebygda	Årstalen for nynorsk skriftkultur	Myklebust, Lothe
28.-29.9.2006	Tønsberg	Konferanse Frie inntekter for frivilligheten	Endresen
30.9.2006	Ålvundfoss	Lagssamling Nordmøre Mållag	Arnøy

Dato	Stad	Tilskiping	Representant
30.9.2006	Oslo	Studentkonferanse Norsk Målungdom	Lothe
5.10.2006	Bergen	Innleiring på Nynorsk bar	Myklebust
9.-11.10.2006	Trondheim	Skrivekonferanse	Myklebust
12.-13.10.2006	Fagernes	Nynorskkurs for lærarar	Arnøy
14.10.2006	Fredrikstad	Utdeling av Østfoldmålprisen	Rekve, Endresen
16.-17.10.2006	Bodø	Nynorskkurs, Høgskolen i Bodø	Arnøy
18.10.2006	Randaberg	Nynorskkurs, Randaberg vgs	Arnøy
18.10.2006	Oslo	Møte med Løvebakken Mållag	Endresen
20.10.2006	Ålesund	Bokkveld/Røystemøte, Stokke skule	Arnøy
20.-21.10.2006	Fagernes	Dialektkonferanse	Endresen
21.10.2006	Oslo	Seminar/Årsmøte Lærarmållaget	Arnøy, Bernhardsen
23.-25.10.2006	Lillestrøm	Årskonferanse Utdanningsdirektoratet	Endresen
24.-25.10.2006	Hamar	Konferanse LUFS	Bernhardsen
25.10.2006	Oslo	Nyopning av Kaffistova	Søberg
25.-26.10.2006	Randaberg	Nynorskkurs, Randaberg vgs	Arnøy
28.10.2006	Oslo	Norskurs NMU-skulemålskonferanse	Arnøy
27.10.2006	Oslo	Møte med advokatfirma om rettsaka i Sandnes	Endresen
29.10.2006	Nordhordland	Jubileumsmarkering, fellestilskiping lokallaga i Nordhordland	Myklebust
30.10.2006	Flekkefjord	Flekkefjord ungdomsskole, positivt sidemålsforsøk	Arnøy
1.11.2006	Oslo	Femårsjubileum Blåmann barnebokklubb	Søberg, Endresen
3.-5.11.2006	Aurland	Dei nynorske litteraturdagane	Godal
4.-5.11.2006	Agder	Haustseminar	Lien, Arnøy



Kaizers Orchestra syng på Bryne-dialekt, og var eitt av banda som spelte på Målrock i 2006. Oslobandet Bigbang, eit anna av trekkplastera, førte til at Målrock fekk kritikk for å satse for lite på nynorskband. Foto: Sindre Humberset

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Dato	Stad	Tilskiping	Representant
6.-7.11.2006	Hovdebrygda	Møte om Strategi for nynorsk i skolen	Endresen
7.11.2006	Stavanger	Skulemålsnemnda Rogaland Mållag	Arnøy
13.-14.11.2006	Kristiansand	Nynorskkurs, Høgskolen i Agder	Arnøy
15.11.2006	Oslo	Nynorskkurs, vgs Oslo	Arnøy
18.-19.11.2006	Tromsø	Jubileumsfeiring og seminar Troms og Finnmark Mållag	Endresen
6.12.2006	Telefon	Møte om røystinga om administrasjonsmålet i Møre og Romsdal	Ulvund, Endresen, Lothe
7.12.2006	Oslo	Møte med Nynorsk pressekontor	Endresen
12.12.2006	Oslo	Mottaking for Guri Vesaas i samband med at ho slutta på Samlaget	Endresen
13.12.2006	Sør-Fron	Møte med Sør-Fron Mållag om skulemålsrøystingar	Arnøy
14.12.2006	Oslo	Møte med TV 2	Endresen
16.12.2006	Hareid	Kongens fortjenestemedalje til Marie Lovise Widnes	Ulvund
4.1.2007	Oslo	Møte i regionemnda	Myklebust, Ulvund, Endresen
23.1.2007	Sør-Fron	Sør-Fron Mållag om skulemålsrøystingar	Arnøy
24.1.2007	Gvarv	Nes Mållag om skulemålsrøysting	Arnøy
25.1.2007	Seljord	Møte med Telemark Mållag om skulemålsrøystingar Gvarv og Notodden	Arnøy



Musikalen «Grammatikk og kjærleik» handlar om ungdomstida til Ivar Aasen. Ørsta kulturhus var fylt til meir enn siste plass då Nynorsksenteret og lokale talent inviterte til den storslegne kulturdugnaden som hadde premiere i juni 2006. Foto: Jens Kihl.

Dato	Stad	Tilskiping	Representant
29.1.2007	Bergen	Skulemålsnemnda i Hordaland Mållag	Arnøy
30.1.2007	Oslo	Mottaking i høve 60-årsdagen til Olaf Almenningen	Rekve
30.1.2007	Oslo	Møte med Kunnskapsdepartementet, Djupedal	Endresen
30.1.2007	Jæren	Avsparkkonferanse for Garborg-senteret	Myklebust
30.-31.1.2007	Stavanger	Nynorskkurs Forus vgs	Arnøy
31.1.2007	Stavanger	Møte med Målsiddisane	Arnøy
1.2.2007	Os	Årsmøte i Os Mållag	Myklebust
5.-6.2.2007	Trondheim	Nynorskkurs, Høgskolen i Sør-Trøndelag	Arnøy
8.2.2007	Stavanger	Skulemålsnemnda Rogaland Mållag	Arnøy
6.2.2007	Oslo	Møte i Nynorsk forum	Endresen
9.2.2007	Nissedal	Årsmøte Nissedal Mållag	Arnøy
14.2.2007	Oslo	Møte med Sivlelaget og Riksmålsforeningen om Sivle-jubileum	Bernhardsen
15.2.2007	Sotra	Årsmøte i Sotra Mållag	Lien
16.2.2007	Oslo	Innleiing på internseminar LNK	Endresen
16.2.2007	Osterøy	Fest Osterøy Mållag i høve 100-årsjubileet	Bernhardsen
16.2.2007	Tingvoll	Møte med ordførar om skulemål	Arnøy
17.2.2007	Oslo	Internseminar for yrkesmållaga	Rekve
21.2.2007	Gol	Årsmøte Buskerud Mållag	Arnøy
1.3.2007	Oslo	Styremøte Målreisingsfondet	Endresen
3.-4.3.2007	Lindås	Årsmøte Hordaland Mållag	Arnøy
6.3.2007	Oslo	Lansering av band 6 Norsk Ordbok	Endresen
10.3.2007	Stavanger	Årsmøte Rogaland Mållag	Myklebust
11.3.2007	Etne	Årsmøte Karmsund Mållag	Myklebust
16.-18.3.2007	Trondheim	Landsmøte i Norsk Målungdom	Arnøy, Bernhardsen



Ho plantar hælane
i støypen og står.

KJARTAN FLØGSTAD, 1977

Økonomi

Tal i 1000	REK 02	REK 03	REK 04	REK 05	LM-vedtak BUD 06	Styrevedtak BUD 06	REK 06
INNTEKTER							
Sal av materiell	107	96	87	68	90	209	240
Lysingar og istikk	69	80	31	49	100	150	136
Tingingsinntekter	7	62	59	37	58	30	40
Sal av tenester							4
Kulturlotteri	288	333	285	283	330	300	309
Medlemspengar	2 097	2 040	2 043	2 610	2 500	2 694	2 746
Organisasjonssatsinga	277	326	360	129	370		
Studiearbeid	6	6	5	5	5	-	
Møte-/seminarinntekter	136	114	131	125	130	362	723
Målgåver	765	663	716	757	750	750	796
Jubileumsgåver					450	450	341
Statstilskot ¹	1 402	1 457	1 505	1 536	1 600	2 066	2 066
Løyvingar og gåver ¹	385	379	382	266	450	375	239
Agdersatsinga		200	208	242	340	250	328
Andre lagsinntekter	54	32	33	31	32	32	32
Leigeinntekter	270	286	295	113		86	74
Uttak av varer		18	13	8	20	20	10
Ymse	239	70	157	86	180	195	149
Sum inntekter	6 102	6 162	6 310	6 345	7 405	7 969	8 233
KOSTNADER							
Materiell for sal	104	74	53	47	120	238	231
Trykkjekostnader	268	287	301	326	500	430	414
Kulturlotteri	56	68	47	54	75	75	52
Refusjon medlemspengar	500	464	447	498	480	480	500
Løn og honorar ²	2 377	2 590	3 138	3 190	3 440	3 491	3 225
Husleige og straum	620	679	680	559	350	358	367
Telefon	94	121	139	136	140	140	113
Porto	475	447	469	542	540	553	629
Argus	60	58	56	78	60	80	91
Drifts- og kontorutgifter	338	328	319	549	350	755	488
Landsmøte/reise	110	126	328	300	200	186	621
Styre-/landsrådsmøte	181	195	159	188	190	208	130
Seminar/konferansar		234	75	36	140	256	348
Andre møte og reiser	323	379	373	445	450	400	314
Løyvingar og gåver	46	34	34	15	50	45	30
Løyving til NMU		35	40	45	175	175	231
Avskrivningar, tap på krav	52	33	42	18	66		7
100-årsjubileet					500		
Sum kostnader	5 604	6 152	6 700	7 026	7 826	7 870	7 791
Resultat før finanspostar	498	10	-390	-681	-421	99	442
FINANSPOSTAR							
Utbute	1	44	42	33		40	33
Aksjevinst			404	1			1
Finansinntekter	107	70	15	13	70	15	24
Finansutgifter	-46	-29	-21	-23	-100	-20	-21
Sum finanspostar	62	85	440	24	-30	35	37
Ekstraord. inntekter	40	13	108	416			
RESULTAT³	600	108	158	-241	-451	134	479

Økonomiarbeidet

Dei viktigaste inntektene for målrørsla både lokalt og sentralt er i dag knytte til årspengar, gåver og sal av ymse artiklar, alt saman inntekter som i hovudsak kjem frå medlemene. Noregs Mållag er ein svært godt stilt organisasjon som har engasjerte, gavmilde medlemer, som er vane med å bere kostnadene ved organisasjonsarbeidet av eiga lommebok. Som rimeleg er med eit stabilt medlemstal, er likevel desse inntektene nokså konstante, medan kostnadene til drifta aukar år for år. Dei siste åra har også rentene vore svært låge og dimed redusert utdelingar frå fond og legat som står målarbeidet.

Økonomi er eit arbeidsfelt som heile organisasjonen må ta alvorleg, særleg ettersom pengar vert viktige til dømes for å lukkast med organisasjonsopprustinga.

I samband med 100-årsjubileet har Noregs Mållag motteke ekstraløyving frå Kulturdepartementet, og fleire lag har gjeve pengar til feiringa. Dette har gjort sitt til at Noregs Mållag har kunna gjennomføre dei mange jubileumstiltaka i 2006.

KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN Rekneskapen for 2006 viser eit overskot på kr 479 741. Det var budsjettert med eit overskot på kr 396 000 som styret i seinare revisjonsvedtak reduserte til kr 134 000. Vedtaket la opp til ei investering i nytt medlemsregister på inntil 330 000 kroner, som seinare vart utsett. Overskottet er difor heilt i samsvar med det styret hadde forventa og skriv seg mellom anna frå at ein heldt ei halv stilling ledig for å leggje opp middlar til det planlagde kjøpet av nytt medlemsregister. Driftsrekneskapen kom ut med eit overskot på kr 441 361, men finansinntekten og tildeling frå Fondet for norsk målreising, gjer at overskottet vart på kr 479 741. Eigenkapitalen er no kr 1 431 190. Det må då presiserast at Skrivarloftet (husværet vårt) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er om lag fire gonger så høg.

Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte. Statsstøtta har frå og med 2006 auka med kr 500 000 i året pluss reguleringar. Dette var eit godt lyft.

I jubileumsåret har det vore nøye kontroll med budsjettet, og det meste har gått som planlagt.

MATERIELL/VARER FOR VIDARESAL Posten gjeld sal av tilfang. Den største inntektskjelda i 2006 var jubileumsmateriell og bøker.

LYSINGAR OG ISTIKK Norsk Tidend kom ut med fem nummer i 2006. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Resultatet vart om lag som budsjettert.

TINGINGSINNTEKTER Tingingsinntekten var noko høgare enn tidlegare år. Det har ikkje vore gjort noko for å auke tingartalet i 2006.

SAL AV TENESTER Inntekter på nynorskkurs som skrivarstova kan tilby til lærarar og andre.

LOTTERIET Lotteriet er tufta på friviljug sal ute i laga og direktesal frå skrivarstova. I 2006 selde laga 4 106 lodd, og medlemene kjøpte 13 177 lodd direkte frå skrivarstova. Det vart selt 17 283 lodd av 20 000.

MØTE OG SEMINARINNTEKTER Denne posten inneholdt landsmøteavgift og seminaravgift. I landsmøteavgifta ligg også reiseutjamninga som vart betalt inn saman med sjølve landsmøteavgifta. Posten inneholder i tillegg inntekter i samband med jubileumshelga.

MÅLGÅVER Medlemene har også i 2006 gjeve gode gåver til arbeidet i rørsla. Tusen takk!

JUBILEUMSGÅVER Denne posten inneholder sponsorinntekter og løyvingar til jubileet frå lokallag og fylkeslag.

LØYVINGAR OG GÅVER Løyvingar til prosjekt og konkrete arbeidsoppgåver som ikkje har vore knytte til hundreårsjubileet.

AGDERSATSINGA Kostnadene med den tilsette for Agderfylka vert utbetalt sentralt. Inntekten er refusjon frå Agder og balanserer med kostnadene.

ANDRE LAGSINNTEKTER Basert på omsetninga i ein del av lagsbrukshusa, vert det rekna ein lagsbrukskatt som går til Mållaget og Ungdomslaget.

LEIGEINNTEKTER Leigeinntekter frå utleige av Skrivarloftet og kontor til Kringkastingsringen.

UTTAK AV VARER Profileringsmateriell og bøker som er brukte til gåver til innleiarar og andre.

YMSE INNTEKTER Posten inneholder inntektsføring av avsetning til lotterivinstar 2006, momsrefusjon, del av tilskot til litteraturprisar og inntekter frå NMU.

MATERIELL FOR SAL Det meste av kostnadene her knyter seg til innkjøp av jubileumsboka *Viljen til språk* og til jubileumsserviset.

TRYKKJEKOSTNADER Om lag 170 000 er utforming og trykk av Norsk Tidend. Resten fordeler seg jamt på lodd, giroar, flygeblad og jubileumsproduksjonar.

KULTURLOTTERI I hovudsak vinstar, men også kostnad med å få løyve, attåt makulering av lodd som ikkje er selde etter at fristen har gått ut.

LØYVINGAR/GÅVER/TILSKOT (note 1)

Gåver/tilskot over kr 2 000 frå lag og fond:

Noregs Mållag i Kristiansand	100 000
Hordaland Mållag	25 000
Naumdøla Mållag	25 000
Meland Mållag	50 000
Bondeungdomslaget i Oslo	30 000
Anne og Alf Longvas fond (overført frå 2005)	15 000
Anne og Alf Longvas fond	8 000
Oslo Nye Sparebanks Fond	10 000
Haugesund Mållag og Ungdomslag	6 000
Hemsedal Mållag	5 000
Sum, gåver/tilskot frå lag og fond	274 000
ABC Startsida	50 000
Eurofoto	50 000
Sum sponsorinntekter	100 000
Kultur- og kyrkjedepartementet	2 066 000
Utdanningsdirektoratet	206 400
Sum offentlege tilskot	2 272 400

REFUSJON MEDLEMSPENGAR Lokallagsdelen av medlemspengane blir betalt ut til laga i februar kvart år for det føregående året. For 2006 skal det betalast ut totalt kr 500 325. Dei fleste fylkeslaga har 20 kr i medlemspengar og dei fleste lokallaga 40 kr.

LØN OG HONORAR Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie, revisjonshonorar, honorar til innleiarar på kurs og honorar til skribentar i Norsk Tidend. Honorar til prosjektretta arbeid er òg ført her. Refusjon av sjukepengar er ført her. Dagleg leiar er plassert i lønnssteg 50 i statsregulativet.

LØNSKOSTNADER OG GODTGJERSLER (note 2)

<i>Lønskostnader</i>	<i>2006</i>	<i>2005</i>
Løn, feriepengar o.l.	2 784 510	2 745 407
Folketrygdavgift	336 987	336 519
Anna godtgjersle	103 688	108 037
Sum lønskostnader	3 225 185	3 189 963

Det har i snitt vore sju tilsette i perioden.

<i>Godtgjersle</i>	<i>2006</i>	<i>Dagleg leiar</i>	<i>Styret</i>
Løn	363 511	169 281	
Anna godtgjering	0	0	
Sum godtgjersler	363 511	169 281	

REVISOR Kostnadsført revisjonshonorar for 2006 er kr 60 000.

HUSLEIGE OG STRAUM Posten inneholder husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsg. 52 er òg ført her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seie at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

TELEFON Telefon- og internettkostnadene for 2006 er noko lågare enn budsjettet.

PORTO Posten inneholder porto for utsending av 5 utgåver av Norsk Tidend, portokostnader i samband med loddosal og porto for all post som Noregs Mållag sender ut. Auken frå 2005 skriv seg i hovudsak frå utsending av materiell om skrivetevlinga til alle ungdomsskular og vidaregåande skular i landet. Dette kosta godt over 70 000 kroner.

PRESSEKLYPP Noregs Mållag abonnerer på ei teneste som gjev oss oversyn over dei fleste relevante presseoppslag om målsak kvar dag.

DRIFTSUTGIFTER Ein av dei største underpostane er leige av kopimaskin med driftsavtale. Maskina fungerer òg som felles skrivar for datamaskinene. Noregs Mållag skriv ut målgåvegiroane og ein del anna materiell på denne maskina. IT-kostnader, mellom anna kostnader til heimesida, er òg ført under denne posten. Ein annan stor utgiftspost er rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoluttar og anna driftsmateriell. Vedlikehald av Skrivarloftet kjem under denne posten.

MØTE- OG REISEUTGIFTER Desse postane inneholder møte- og reiseutgifter i samband med landsmøte, landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser. Reisutjamninga er ført her. I 2006 var det arrangement i samband med 100-årsjubileet og internasjonalt seminar på hausten.

GÅVER OG TILSKOT FRÅ NOREGS MÅLLAG

Nynorsk litteraturpris	15 000
Nynorsk barnebokpris	15 000
Norsk Målungsdom	175 000
Nynorsk Kultursentrums	54 000
Bærum Mållag	2 000
Sum, gåver og tilskot	261 000

AVSKRIVINGAR/TAP PÅ KRAV Ingen avskrivinger i 2006. Det har vore nokre krav som ikkje har vorte betalt og dei er ført som tap på krav.

FINANSPOSTAR Finansposten inneholder renteinntekter frå ymse bankkonti og tildeling frå Fondet for norsk målreising. Utbyte på aksjane i Orkla er også med her. Renteutgiftene inneholder renter på lån og gebyr.

Balanse

	<i>Notar</i>	2005	2006		<i>Notar</i>	2005	2006
ANLEGGSMIDLAR							
Husvære	1	326 070	326 070	Eigenkapital	7	1 192 479	951 449
Inventar	2	0	0	Årsresultat		241 030	479 741
Sum varige driftsmidler		326 070	326 070	Sum opptent eigenkapital		951 449	1 431 190
Partar i Fondet for norsk målreising		533 000	533 000				
Sum finansielle anleggsmidlar		533 000	533 000				
Sum anleggsmidlar		859 070	859 070				
OMLAUPSMIDLAR							
Varer	3	100 576	165 002				
Kundekrav		684	573 260	Leverandørgjeld		92 260	93 246
Opptente inntekter	4	192 643	292 941	Skuldige medlemspengar		504 208	517 468
Mellomrekning Fondet		31 985	29 743	Medlemspengar neste år		10 950	2 685
Sum kortsiktige krav		325 888	859 944	Nedlagde/sovande lag		5 290	5 290
Luter	5	151 200	151 200	Skuldige off. avgifter / feriepengar		400 930	445 934
Bankinnskot	6	855 404	713 430	Anna kortsiktig skuld	10	135 665	213 833
Sum omlaupsmidlar		1 332 492	1 925 576	Sum kortsiktig skuld		1 149 303	1 278 456
EIGE		2 191 562	2 784 646	Sum skuld		1 240 113	1 353 456
EIGENKAPITAL OG SKULD							

I årsrekneskapen er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningsliner i rekneskapslova og i samsvar med god rekneskapsskikk for små føretak. Krava er ført opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for konstaterde og medrekna tap.

- 1) Husvære i Schweigaards gt 52 i Oslo. Oppført verdi kr 326 070 (kjøppsummen i 1992). Marknadsverdien ved takst i 1999 vart sett til 750 000 kr.
 - 2) Inventaret på kontoret har ein opphavleg verdi på 1 170 695 kr. Det vart nedskrive i 2005.
 - 3) Lageret av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpsverdi.
 - 4) Opptente inntekter inneholder uteståande krav og medlemspengar frå lag med direkte innkrevjing.
 - 6) Av bank- og postinnskot er kr 97 210,- bundne til skatetrekk.
 - 7) Note 7 – Eigenkapital

	2006	2005
Eigenkapital	951 449	1 192 479
Årsresultat	479 741	-241 030
Sum eigenkapital 31.12	1 431 190	951 449

		<i>Kostpris</i>	<i>Bokf. v.</i>	<i>Likn.v.</i>
Det Norske Teatret	23 stk	11 200	0	0
Orkla A-aksjar	276 stk		16 200	49 785
Dag og Tid	250 stk	10 000	10 000	
Dag Bondheim AS	75 stk	75 000	75 000	
Norsk Plan	5 stk	50 000		
Sum		151 200	49 7850	76 590

Den verkelege verdien av lutane er usikker.

Marknadsverdien til Orkla A-aksjane i 2005 var 76 590 kr.

- 8) Gjeldsbrevlån - Sparebanken Hardanger
Opphavleg lån frå 1995 til datautstyr 500 000
Overf. frå Gjensidige i 1997 (Schweigaards gate) 105 000
Rest pr. 31.12.05 0
Banken hadde trygd i Schweigaardsgt. 52 for lånet.

9) Husfondet består av luter i Dag Bondeheim AS (Skien),
75 000 kr.

10) Kortsiktig skuld inneholder avsetjing til lotterivinstar, avset-
jing til revisjonskostnader for 2006 og kostnader i 2006
med forfall i 2007.

Hundreårsjubileet 2006

Rekneskap

Alle tal i 1000 kroner

<u>INNTEKTER</u>	
Sal av tilfang	102
Møte- og tilskipingsinntekter	183
Jubileumsgåver frå laga	266
Tilskot frå Kulturdepartementet	500
Sponsorinntekter	100
Tilskot frå fond	8
SUM INNTEKTER	1 159

<u>KOSTNADER</u>	
Kjøp av tilfang for sal	180
Møte- og tilskipingar, lokalleige/servering	255
Løn og honorar	311
Marknadsføring	19
Materiell til utdeling	100
Porto	98
Reisekostnader	123
Diverse administrasjonskostnader	28
SUM KOSTNADER	1 114



Kommentarar til rekneskapen

INNTEKTER

SAL AV TILFANG *Viljen til språk* og fyrstedagsstempel jubileumsfrimerke

MØTE- OG TILSKIPINGSINNTEKTER Deltaking og matservering jubileumshelga i februar og billettinntekter frå hundreårsfesten på Det Norske Teatret

JUBILEUMSGÅVER FRÅ LAGA

Mållaget i Kristiansand	100
Hordaland Mållag	25
Naumdøla Mållag	25
Meland Mållag	50
Bondeungdomslaget i Oslo	30
Nordmøre Mållag	25
Haugesund Mållag	6
Hemsedal Mållag	5
Sum jubileumsgåver	266

KOSTNADER

KJØP AV TILFANG FOR SAL *Viljen til språk* og fyrstedagsstempel av jubileumsfrimerket

MØTE OG TILSKIPINGAR, LOKALLEIGE OG SERVERING Servering mottakinga og jubileumsseminar, festmiddag i Rådhuset, leige av lokale til jubileumsseminar og tilskipingar under Dei nynorske festspela

LØN OG HONORAR Om lag 180 000 er honorar til utøvarar. Resten er lønskostnader for arbeidet med jubileet og honorar til formgjeving av diverse tilfang.

MARKNADSFØRING Lysingar for tilskipingar

MATERIELL TIL UTDELING Skipingsreferat, særutgåve av Mål og Makt med innleiingane frå jubileumsseminaret, programhefte, flygeblad, plakatar m.m.

PORTO I all hovudsak kostnad med utsending av materiell til skrivetevlinga til ungdomsskular og vidaregåande skular

REISEKOSTNADER Innleiarar, utøvarar, styre og administrasjon for reiser direkte knytte til jubileumstilstskipingar

Fondet for norsk målreising

Årsmelding

Fondet for norsk målreising er skipa for å sikre den økonometiske innkoma til Noregs Mållag. Etter vedtekten (sist endra i 2001) skal fondsmidelen plasserast på høgste rente i bank eller på annan sikker og renteberande måte eller i aksjefond med god risikospreiing. Målet er at Noregs Mållag kvart år skal få overført ein pengesum tilsvarende om lag rente i pengemarknaden, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag. Innskytarane kan teikna partar à 1000 kroner og må binde innsatsen sin i minst fem år.

Fondsstyret vedtok i 2001 desse retningslinjene for plassering av midlane i fondet: Om lag 40 prosent skal plasserast i bankinnskot, obligasjonar og penge-marknadsfond. Resten skal plasserast i norske og utanlandske aksjefond. Det skal ikkje plasserast midlar i enkeltaksjar eller i bransjefond.

Plasseringa i aksjefond vert teken hand om av ein fondsforvaltar. Fondet for norsk målreising betaler 5000 kroner i året for denne tenesta. Avkastninga av desse midlane i 2006 har vore om lag 5 prosent, som er noko høgare enn vanleg bankrente.

Fondsstyret har vedteke fylgjande for utdelinga av avkastning frå fondet til Noregs Mållag for 2006: Noregs Mållag får ei avkastning på 3 prosent av fondsverdien. Avkastninga vert rekna av verdien ved inngangen av 2006, og utbetalinga til Noregs Mållag vert då 31 059 kroner.

Fondet vert leidd av eit styre på tre personar, alle oppnemnde av styret i Noregs Mållag for to år om gongen. I meldingsåret har desse site i fondsstyret: Hallgrim Berg (leiar), Håvard Teigen og Toril Nicolaisen. Dagleg leiar i Noregs Mållag er skrivar for fondsstyret.

Styret har hatt eitt formelt møte i meldingsåret. I tillegg har det vore uformell kontakt på epost og telefon, både mellom styremedlemene og med fondsforvaltaren.

Det er ikkje teikna nye partar i fondet i 2006. Det er ikkje sagt opp partar i 2006. Det er eitt års oppseiingstid på partane.

Ved utgangen av året, etter utdeling av avkastning til Noregs Mållag, hadde fondsmidelen ein verdi på 1 054 179 kroner mot 1 035 305 kroner ved utgangen av 2005. Fondet har 224 innskytarar og Noregs Mållag har 533 av i alt 938 partar à 1000 kroner.

Fondet for norsk målreising

Rekneskap

Resultatrekneskap

	2005	2006
INNTEKTER		
Bankrenter	1 898	3 386
Renter på obligasjonar	6 750	6 750
Opprett frå 2005		6 315
Urealisert verdiauke fond	36 825	
Realisert forteneste aksjesal	19 108	38 891
Sum inntekter	64 581	55 342
KOSTNADER		
Driftskostnader	5 965	5 410
Utbetalt andel Noregs Mållag	30 433	31 059
Sum kostnader	36 398	36 469
Overskot	28 183	18 873
Disponert til fri eigenkapital	99 031	18 873
Disponert til verdiendring	-70 848	
Utbetalte partar i rekneskapsåret	0	
Sum disponert	28 183	18 873

Balanse

	2005	2006
EIGEDELAR		
<i>Krav</i>		
Opptente renter	6 491	6 491
<i>Investeringar</i>		
UTANLANDSKE AKSJAR		
ACM-Global Growth Trends P	18 491	19 381
Morgan Stanley Global Value	37 463	41 705
Morgan Stanley Global Brands	39 048	43 332
KAPITALGARANTERTE FOND		
Kapitalsikring IV 04/09	208 400	221 060
HEDGEFOND		
UBS NAS	156 241	162 483
Navigator Hedge	213 681	228 026
OBLIGASJONAR		
1996/2007	103 850	100 080
Sum investeringar	777 174	816 067
Bankinnskot	289 940	261 364
Sum egedelar	1 073 605	1 083 922
SKULD OG EIGENKAPITAL		
<i>Opptent eigenkapital</i>		
Urealisert verdiauke	36 825	97 305
Fondsmidel 01.01	900 449	938 000
Utbetalte partar -02	-1 000	
Tilført frå årsresultat	99 031	18 874
Sum fondsmidel 31.12	998 480	956 874
Sum unreal. v.auke og eigenkap.	1 035 305	1 054 179
<i>Skuld</i>		
Avsett for skuld til Noregs Mållag	38 300	29 743
Sum skuld	38 300	29 743
Sum eigenkapital og skuld	1 073 605	1 083 922

Inga og Gjøa Lutros legat

Kulturlotteriet

Rekneskap 2006

Renter	7 274
Overført til Noregs Mållag	7 274

Balanse 2005

Aktiva	
Bankinnskot	602 678
Passiva	
Legat	602 678

Rekneskap 2006

INNTEKTER	
Loddsal	308 716
Sum inntekter	308 716
KOSTNADER	
Vinstar	51 664
Trykking	27 375
Porto	31 359
Administrasjon	30 000
Gebyr	4 462
Sum utgifter	144 860
Overskot	163 856

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Til
Norges Mållag
Øyvind Løvstad
Stortingsrepresentant
Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Til landsmøtet i
Inga og Gjøa Lutros Legat


REVISJONSMELDING FOR 2006

Vi har revidert årsrekneskapen for Inga og Gjøa Lutros Legat for rekenesåret 2006 som syner et årsoverskot på kr 7274 . Årsrekneskapen innebefatter resultatrekkeskap og balanse utan opplysninger i notar. Inga og Gjøa Lutros Legat er ikke ipliktig til å følge rekkeskapslova sine regler og god rekkeskapskikk i Norge, et nyttet ved utarbeidninga av resultatrekkeskapen og balansen. Årsrekneskapen og årsmeddelinga er lagda fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgave er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tillovere slik revisjona krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonskikk i Noreg, herunder revisjonsstandarden vedteke av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandarden krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikke innheild vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialelet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekkeskapsprinsippa som er nyttu, og av vesentlege rekkeskapsinntar, og dessutan vurdering av innholdet i og presentasjonen av grunnlaget for årsrekneskapen. I den grad det følger av god revisjonskikk, omfatar revisjon også ei gjenomgang av forvaltninga av formula og rekkeskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forvarleg grunnlag for konklusjonane.

- Vi meiner at
- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisade bilde av selskapet si økonomske stilling 31. desember 2006 og av resultatet i rekenesåret i samsvar med god rekkeskapskikk i Norge
 - ledingen har oppfyllt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekkeskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Oslo, den 16. mars 2007


VARDENS REVISJONSKONTOR AS
Per Arne Auster
Statsautorisert revisor


REVISJONSMELDING LOTTERIREKNEKAP 2006

Vi har kontrollert loddlotterirekneskapen for Kulturlotteriet 2006 for Norges Mållag. Rekneskapen, som kun er samansett av resultatrekkeskap, viser et overskot på kr. 144 860

Rekneskapen omfatter loddar solgt fram til utlopsdato 31. desember 2006.

Vi har kontrollert at det foreligger dokumentasjon for samlede kostnader, inklusive utbetalte gevinstar, og at innleikene stemmer overens med antall solgte loddar. Avviket mellom boktørt inntekt og maksimalt tillatt antall solgte antall holdar er verifisert.

Lotterirekneskapen følger de lover og regler som regulerer avviklinga av lotteriet.

Oslo, den 16. mars 2007

VARDENS REVISJONSKONTOR AS
Per Arne Auster
Statsautorisert revisor

Postadresse: Postboks 806 Sentrum 0104 Oslo

Tel: 24 14 12 00
Telefax: 22 42 67 72
e-post: vardens.revisjonskontor@vardens.no

Forsideadresse: Postboks 806 Sentrum 0104 Oslo

Telefon: 24 14 12 00
Telex: 22 42 67 72
Bankgiro: 8200 01 64840

Forsideadresse: Postboks 806 Sentrum 0104 Oslo

Telefon: 24 14 12 00
Telex: 22 42 67 72
Bankgiro: 8200 01 64840

Norsk Målungdom

Norsk Målungdom arbeider for at bokmålsbrukarar skal byrje å skriv nynorsk, og for at dei som alt skriv nynorsk skal halde fram med det.

Perioden 2006-7 har vore god og aktiv. Vi kjem særleg til å hugse arbeidet med den nasjonale aksjonsdagen vi gav som hundreårsgåve til Noregs Mållag og arbeidet for nynorske læremiddel som brått vart aktuelt att.

NASJONAL AKSJONDAG NMU skipa til ein nasjonal aksjonsdag 7. november. Dagen var ei jubileumsgåve til Noregs Mållag, og var særsvellukka. Over heile landet aksjonerte lokallag og einskildaktivistar under slagordet *Kvifor ikkje?*, og vi fekk mange nye medlemer og mykje blest som fylge av dagen.

MÅLFERDER OG TEMADAGAR Kvart år held vi foredrag for elevane rundt om i klassane. Vi gjev dei vår versjon av målsoga, og ordskiftest om språkstoda. Dette arbeidet er særsviktig, både av di vi når ut med synspunkta våre, og av di vi får mange nye medlemer. I perioden har vi vore på femti skular, i alle delar av landet.



NMU hadde summarleir på Kråkerøy utanfor Fredrikstad.

TILSKIPINGAR I perioden har NMU skipa til Målstridkonferanse i Oslo. Konferansen tok opp ulike problemstillingar knytt til målstriden, som sidemål, dialekt og identitet, nynorsk som hovudmål og nynorsk og innvandrarar.

Elles har vi skipa til summarleir i Fredrikstad, eit kurs i lokallagsaktivisme i Stavanger og ein vinterleir på Stange i Hedmark.

ORGANISASJONEN På grunn av därleg økonomi har vi i perioden 2006-07 berre hatt éin tilsett på skrivarstova. Dette har gjort at arbeidskapasiteten ikkje har vore fullt så god som i førre periode. Mykje av det daglege arbeidet i organisasjonen vert gjort på friviljug basis. Trass i dette, har vi fått til mykje og god aktivitet i perioden.

Vi har lokallag mange stader i landet, mellom anna i fleire av dei store byane, noko som er gledeleg. Det er god aktivitet i mange av laga, jamvel om det alltid er eit problem å sikre rekrutteringa på dei ulike stadene. Difor har vi satsa på å skulere aktivistane i lokallagsarbeid, samstundes som vi alltid arbeider for å få skipa nye lag.



Camilla Mentzoni og Sigbjørn Hjelmbrekke i Studentmållaget i Oslo skaffar nye medlemer på Blindern.
Foto: Jens Kibl.

Nærskylde tiltak

Dag og Tid

www.dagogtid.no

Dag og Tid AS gjev ut den frie vekeavisa Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Innanfor dei litterære miljøa i Noreg er Dag og Tid ei mykje lesen avis.

Dag og Tid kom i 2006 ut med 52 nummer i 48 utgåver. Opplaget har auka jamt og trutt dei siste åra, og kom i 2006 opp i 7206 - 152 meir enn året før.

Så å seie årleg lagar redaksjonen ei temaavis om ein diktar, og i 2006 var denne om Georg Johannessen. Selskapet gjev også ut Ivar Aasen-almanakken og Nøkkel til nynorsk.

Svein Gjerdåker er redaktør og dagleg leiar. Ola Mes-tad er styreleiar i selskapet.



Det Norske Samlaget

www.samlaget.no

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kultur-politisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget.

Forlaget gav i 2006 ut 256 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum, ordbøker og lærebøker til grunnskole, vidaregåande skole og høgare utdanning. 2006 vart eit tilfredsstillande år for forlaget når vi tek omsyn til dei store investeringane i nye skolebøker til Reform 2006. Driftsinntektene med tilskot vart 87,8 mill. kr, og førebels årsresultat etter skatt vart eit underskot på om lag 2 mill. kr. Fleire utgjevingsområde gjekk også betre enn venta. Til saman fekk Samlaget 29 litterære prisar i inn- og utland. Forlaget selde 32 bokrettar til utlandet.

Blåmann Barnebokklubb har samarbeidd med nynorskorganisasjonane, skolar og bibliotek om medlemsverving. Etter fire års drift har han i overkant av 4000 medlemmer; færre enn det som er naudsynt for at bokklubben skal gå i balanse.

I 2006 vart Reform 06 innført og med dette skal det nye lærermiddel i alle fag frå 1. til 13. skoleåret. Det Norske Samlaget satsar sterkare enn nokon gong med nye lærer verk i ei rekkje fag og forlaget auka marknadsdelen monaleg. Norske kommunar kjøpte inn langt færre lærer verk enn det regjeringa hadde lagt opp til. Forlaga reknar med at salet vil ta seg opp i 2007.

Hovudoppgåva for Litteraturselskapet er å legge tilhøva til rette for nynorsk bokutgjeving. Selskapet gjev ut tidsskriftet Syn og Segn, som er av dei største allmenn-kulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingartalet i 2006 var 1972 mot 2175 året før. Forlaget gjev også ut Bymåslagets tidsskrift Maal og Minne.

Leiar i styret for forlaget var Siri Hatlen og for Litteraturselskapet Sigve Gramstad. Forlagsdirektør Nina Refseth er dagleg leiar.

Det Norske Teatret

www.detnorsketeatret.no

Det Norske Teatret spela i 2006 i alt 948 framsyningar. Samla tilskodartal for 2006 var 199 852. Tilskotet frå staten til teaterdrifta var 116 mill. kroner. Magnus Rindal er styreleiar ved teatret, Vidar Sandem teatersjef og Morten Gjelten er direktør.

Folkekulturforbundet

www.folkekultur.no

Folkekulturforbundet er Noregs Mållag sitt studieforbund, og skal ivareta medlemsorganisasjonane og deira lokallag med omsyn til utvikling, tilrettelegging og finansiering av eit mangfaldig og godt opplæringstilbod. FOLK er oppteken av - og ønskjer å ta eit ansvar for - opplæring i folkekulturfaga.

FOLK ser på opplæring i vid forstand - frå eit lite, enkelt kurs til fordjuping i ulike emne og spesialisering i teknikkar - til formell kompetanse og vekttal. For FOLK er det viktig å sikre eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarane.

Opplæringa skjer i aktive læringsfellesskap, og er med på å skape sosialt trygge og trivelege rammer rundt læringssituasjonen. Dette er viktig for å leggje til rette for god læring, og for å vere inkluderande og open. Læring er knytt til handling, og skjer gjerne ved vevstolen, på teaterscenen, i båten og i dansesalen.

FOLK er ein stor kursarrangør, i 2006 gjennomførte medlemsorganisasjonane 84 326 kurstimar med 22 626 deltakarar på 2 762 kurs. Opplæringa blir organisert gjennom lokale lag og foreiningar i medlemsorganisasjonane våre - og organisasjoner vi har samarbeidsavtale med.

I fleire av handverksfaga arbeider FOLK for å sikre vegen til formell kompetanse, med spesiell vekt på opplæring fram mot å ta fagbrev. Dette er små fag, og tilgangen på offentleg utdanning er forsvinnande liten. FOLK kan rettleie kandidatar som ønskjer å ta fagbrev, samarbeider aktivt med fagopplæringa og deltek i ulike prosjekt som arbeider med fagutdanning.

FOLK driv også høgare utdanning i samarbeid med ulike høgskolar og universitet.

Kringkastingsringen

www.kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles. Sidan 1955 år har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemndene skal føre ein språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg. Kringkastingsringen arbeider også for å påverke styremaktene til å leggje forholda til rette for at vi skal få eit godt og mangfaldig språk i media.

I 2006 har vi:

- Arbeidd for meir nynorsk og dialektar i barne- og ungdomsprogram i radio og fjernsyn.
- Vore i møte med NRK og TV 2 for å drøfte spørsmåla kring barne- og ungdomsprogram og nynorsk teksting.
- Vore i møte med Kultur- og kyrkjedepartementet om tiltak for meir nynorsk i riksmedia.
- Halde oversikt over språkbruken i media.



Kringkastingsprisen 2006 gjekk til Harald Bøe. Som oljejournalist i NRK arbeider han med eit område der nynorsk og norsk i det heile er lite nyttta. Likevel klarer han å formidle nyhenda på ein lett og god nynorsk.

Nærskylde tiltak

- Gjeve ut fire nummer av meldingsbladet Kringom, der vi tek opp aktuelle språklege og mediepolitiske spørsmål.
- Delt ut Kringkastingsprisen til Harald Bøe.
- Skipa til seminaret «Språkreisa - nynorskingar i riksmedia» på Det Norske Teatret (januar 2007).

Håvard B. Øvregård er styreleiar og Tarjei Vågstøl er tilsett som dagleg leiar.

Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

www.lnk.no

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 110 medlemer; av desse er 103 kommunar og fylkeskommunar.

LNK skal arbeide for å utvikle nynorsk brukspråk innanfor alle sektorar i det offentlege. Medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med nynorsk og IKT, nynorsk for barn og unge og det å vise samanhengar mellom språk, identitet, kultur og kommunal (nærings)utvikling. LNK arbeider elles mykje med informasjonstjenester i kommunane. I kommunevalåret 2007 samarbeider LNK med Landslaget for lokalaviser (LLA), Fagforbundet og Kommunal- og regionaldepartementet om prosjektet: «Me har noko med det...», formidling av kunnskap om kommunar og kommunal organisasjon. Målgruppa er journalistar i lokalaviser.

LNK tilbyr nynorskkurs og kurs i klårt språk for saksbehandlarar i kommunar og i statsadministrasjonen, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkjer heile landet. Kursa er kvalitetssikra og vert haldne i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Gjennom eit formalisert samarbeid med næringslivet og kommunale organisasjonar freistar LNK å påverke leverandørar av varer og tenester til det offentlege til å sjå samanhengar mellom eigen økonomi og det å ta kundane på alvor - også språkleg.

Organisasjonen gjev ut LNK-avisa seks gonger i året og nettstaden www.lnk.no vert oppdatert kvar dag

Elles arbeider Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar nært saman med Noregs Mållag gjennom Nynorsk Forum.

Jan Magne Dahle er styreleiar i LNK, medan Vidar Høviskeland er dagleg leiar.

Magasinett

www.magasinett.no

Stiftinga Magasinett har ansvar for nettidsskriftet Magasinett. Magasinett har motteke tilskot frå Kunnskapsdepartementet, Norsk Kulturråd og LNK. Stiftinga har òg fått mindre tilskot frå ulike fond og liknande.

2006 var tiande driftsåret for Magasinett. Tidsskriftet blir redigert på nynorsk og har blitt oppdatert to til fire gonger i veka.

Skrivekløe er den delen av Magasinett der ungdomen sjølv kan sende inn arbeid. Her har det kome inn nokre bidrag i 2006. I ei ny spalte, *Forfattarpraten*, gjev etablerte forfattarar skrivetips til ungdom.

Ei anna ny spalte har fått namnet *Panel*. Her har tre unge skribentar fått lov til å skrive kommentarar og synsingar. *Panel* var i 2006 to ungdomspolitikarar: Åsne Høgetveit (21) frå Vinje, Borghild Kleiva-Gramstad (22) busett i Oslo og vinnaren av Mållagets skrivetevling, Erlend Skjetne (16) frå Melhus. På sikt vonar ein at ein òg vil finne lesarbrev i denne spalten.

Ei lærarrettleiing for Magasinett er teke til med, men ikkje ferdigstilt i løpet av året. Anne Elise Winterhus, avdelingsleiar Sandnes vidaregående skole, står saman med Jan Olav Fretland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane for det pedagogiske innhaldet. Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa støttar arbeidet økonomisk og fagleg. Rettleiinga vil kome i digital utgåve i 2007.

Besøkstala for Magasinett har vore stabile gjennom heile året.

Toyni Tobekk er redaktør, Gerhard Stoltz står får formgjeving og datarådgjeving medan Norsk Plan as har administrasjonen.

I styret sit: Bente Vatne (leiar), Vidar Høviskeland (nestleiar) og Åse Elin Langeland

Noregs Ungdomslag

www.ungdomslag.no

Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø. Slik lyder § 1, føremålet til Noregs Ungdomslag.

NU har rundt 450 lokale ungdomslag og 16 500 medlemmer. Ungdomslaga er viktige kulturentreprenørar og byggjarar av lokalsamfunn.

I ungdomslaget kan du delta i ei rekke ulike aktivitetar, der amatørteater, dans, bunad- og handverksarbeid, musikk og ungdomsklubbar er dei største. Over 300 ungdomslag er eigar eller medeigar i eit lokalt ungdomshus.

Noregs Ungdomslag er tufta på verdiane frilynd, tradisjonar, generasjonar, rusfri samværskultur, samfunnsengasjement og nyskapande.

NU sentralt har mange kurs og møtestader, som Folkekulturfestivalen, Norsk Amatørteaterfestival, sommarkursa, fagseminar og Noregs Ungdomsring. Sentralleddet forvaltar fleire støtteordningar, driv fagleg utvikling, yter sørvis til lag med ungdomshus, arbeider for å synleggjere organisasjonen og jobbar aktivt for å påverke politisk.

Norsk Barneblad


www.norsk-barneblad.no

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut utan avbrot sidan det vart skipa i 1887. I 2007 fyller NB 120 år! Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn og unge i alderen 7-15 år.

Ordskifte der lesarane sjølve får skrive inn og diskutere, er eit av dei mest populære innslaga i bladet. Bladet inneheld dessutan teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff. Bladet har også eiga heimeside på Internett.

Norsk Barneblad tilbyr lærerik og underhaldande sakprosa på nynorsk skrive for barn og av til av barn. Opplaget er kring 3500.

Styreleiar er Vidar Lund, ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise-Lynum.



Norske Lagsbruk

www.lagsbruk.no

Føremålet til Norske Lagsbruk er å vere eit tenesteapparat for forretningsverksemd og lagshusdrift i rørsla ved å formidle økonomisk stønad, idear og spisskompetanse til lokale utviklingsprosessarar.

Styret i Norske Lagsbruk er også styre for Lagsbruksfondet. I 2006 har fondet løyvd 650 000 til utviklingsarbeid ved Kaffistova i Oslo. Fondet er nest største aksjonær i Dag Bondeheim AS i Skien. Aksjane gjev ikkje utbyte, men representerer ein stor realverdi.

Hallvard Julseth, Oslo er styreleiar og Nils Seland dagleg leiar og einaste tilsette.

Nynorsk kultursentrum

www.aasentunet.no

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting skipa 1993 med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Måla våre er å gjøre det lettare å vere nynorskbrukar, styrke den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane, og å skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur.

Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- **Ivar Aasen-tunet i Ørsta** – nasjonalt dokumentasjons- og opplevingscenter for nynorsk skriftkultur som inkluderer det eldste personmuseet i landet
- **Dei Nynorske Festspela** – ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfattarane, den gode musikken og dei uventa bileta
- Nettstaden **www.aasentunet.no** – den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur

Styreleiar i 2006 var direktør Oddvar Haugland, direktør var Ottar Grepstad. I 2006 hadde Nynorsk kultursentrum tilsette i ti faste stillingar og arbeidsavtalar med 15 som var tilsette i engasjement og prosjektarbeid.

